



## Brukundersøking Nærøyfjorden landskapsvernområde sommaren 2018

*Analysar gjennomførte av Oslo Economics og Ole Jakob Sørensen ved Nord universitet  
på vegner av Nærøyfjorden verneområdestyre*

## Om Oslo Economics og Ole Jakob Sørensen

*Oslo Economics er eit analyse- og rådgivingsmiljø med tilsette som har bakgrunn frå offentleg forvaltning og ulike forskings- og analysemiljø. Vi tilbyr innsikt og analyse basert på fagkompetanse og metodekunnskap.*

*Ole Jakob Sørensen er dosent i naturforvaltning ved Nord universitet. Gjennom relevant utdanning og akademisk forskings- og utgreiingsarbeid har han opparbeidd seg kompetanse på norsk naturforvaltning. Han har undervist i naturforvaltningsfag ved HiNT og Nord universitet i ei årrekke.*

## Om brukarundersøkingar i verneområde

*Det er ei nasjonal målsetjing at alle nasjonalparkar og større landskapsvernområde skal ha utarbeidd sin eigen besøksstrategi innan 2021. I samband med dette arbeidet er det ønskjeleg at det blir gjennomført brukarundersøkingar der ein hentar inn meir informasjon om korleis dei besökjande bruker det enkelte verneområdet, og kva for haldningar dei har til området. Oslo Economics, i samarbeid med Ole Jakob Sørensen ved Nord universitet, har ein rammeavtale med Miljødirektoratet om utarbeiding av brukarundersøkingar i verneområde.*

# Innhald

<b>Forord</b>	<b>1</b>
<b>1 Oppsummering</b>	<b>2</b>
<b>2 Nærøyfjorden landskapsvernområde</b>	<b>4</b>
<b>3 Metode, gjennomføring og materiale</b>	<b>6</b>
3.1 Sjølvregistreringsundersøkinga i Nærøyfjorden landskapsvernområde	6
3.2 Etterundersøkinga	11
3.3 Representativitet ved etterundersøking versus sjølvregistreringskort	11
<b>4 Indikatorsett for Nærøyfjorden landskapsvernområde</b>	<b>13</b>
<b>5 Om brukarane – kven er dei?</b>	<b>14</b>
5.1 Informasjon om kjønn, alder, utdanningsnivå og bustad	14
5.2 Friluftslivserfaring og friluftslivsinteresse	17
5.3 Turfølgjet	19
5.4 Tidlegare besøk og kjennskap til Nærøyfjorden	20
5.5 Brukarane sine motiv for å besøkje Nærøyfjorden	22
5.6 Idealområde og purisme	23
<b>6 Bruken av området</b>	<b>27</b>
6.1 Romleg bruk	27
6.2 Tid i verneområdet og overnatting	29
6.3 Bruk av sti og terrenget	32
6.4 Type bruk	33
6.5 Kajakkpadling i Nærøyfjorden	34
6.6 Nærøyfjorden som besøksmål	37
<b>7 Informasjon og bruk av sosiale medium</b>	<b>38</b>
7.1 Informasjonsinnehenting og føretrekt informasjon	38
7.2 Bruk av sosiale medium	41
<b>8 Oppleving av dagens tilstand i Nærøyfjorden</b>	<b>43</b>
8.1 Nærøyfjorden som villmarksområde	43
8.2 Kunnskap om vernestatus og reglar for bruk av verneområdet	44
8.3 Forstyrrende opplevingar	47
<b>9 Synspunkt på forvaltning og tilrettelegging</b>	<b>48</b>
<b>10 Samanlikning av innfallsportane</b>	<b>52</b>
<b>11 Drøfting og samanfatning</b>	<b>60</b>
<b>12 Referansar</b>	<b>62</b>
<b>13 Vedlegg</b>	<b>63</b>
13.1 Vedlegg 1: Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde	63
13.2 Vedlegg 2: Sjølvregistreringsundersøkinga	66

13.3 Vedlegg 3: Etterundersøkinga \_\_\_\_\_ 69

13.4 Vedlegg 4: Fritekstsvar \_\_\_\_\_ 81

# Forord

I åra fram mot 2021 skal det gjerast ein nasjonal innsats for å styrke besøksforvaltninga i dei norske nasjonalparkane og landskapsvernombråda. I dette arbeidet er det behov for å få innspel frå brukarane om korleis dei opplever naturområdet og forvaltninga av området. Det er vidare eit behov for å lære meir om korleis besøksgruppa er samansett: Kvar kjem dei frå, kva slags naturopplevingar søker dei, og kor lenge oppheld dei seg i verneområdet? Desse spørsmåla har ein prøvd å finne svar på gjennom brukarundersøkingar.

Denne rapporten oppsummerer resultata frå ei brukarundersøking i Nærøyfjorden landskapsvernombråde sommaren 2018. Formålet med rapporten er å få eit betre kunnskapsgrunnlag for forvaltninga av Nærøyfjorden landskapsvernombråde og Nærøyfjorden verdsarvområde.

Oslo Economics og dosent Ole Jakob Sørensen ved Nord universitet har analysert dataa frå brukarundersøkinga. Vi vil rette ein takk til Miljødirektoratet for at dei har gitt oss høve til å gjennomføre dette oppdraget. Vi er svært takknemlege for det gode samarbeidet med Miljødirektoratet og verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes.

Rapporten er utarbeidd av Eyvind Søraa, Gjermund Lien og Ole Jakob Sørensen.

Oslo, 1. februar 2019

Gjermund Lien  
Prosjektleiar

# 1 Oppsummering

Sommaren 2018 blei det gjennomført ei brukarundersøking i Nærøyfjorden landskapsvernombordet (LVO), som ligg rundt den 19 kilometer lange Nærøyfjorden, ein fjordarm av Sognefjorden. For å innhente ny og relevant kunnskap om bruken av Nærøyfjorden LVO blei det samla inn informasjon ved at brukarar kunne fylle ut eit kortfatta svarskjema ved innfallsportane til området og på populære rasteplassar, og dessutan at dei kunne vere med i ei oppfølgjande webbasert spørjeundersøking. Det blei samla inn svar frå 545 brukarar i landskapsvernombordet og 81 svar i den oppfølgjande etterundersøkinga. Det var mogleg å fylle ut svarskjema ved åtte stader i og rundt Nærøyfjorden LVO. Formålet med undersøkinga var å kartleggje korleis dei besøkjande vurderer naturområdet i og rundt Nærøyfjorden. I tidlegare gjennomførte brukarundersøkingar har det vanlegvis vore plassert ut sjølvregistreringskasser ved innfallsportane til verneområdet for å samle inn informasjon om brukarane. Til Nærøyfjordområdet kjem det svært mange cruiseturistar kvar sommar, og dei er ikkje relevante for ei slik brukarundersøking. Denne undersøkinga siktar seg primært inn på å kartleggje korleis området blir brukt av fotturistar og kajakkpadalarar. Av den grunn blei det bestemt at representantar frå forvaltningsorganet skulle dele ut skjema til besøkjande som var aktuelle for undersøkinga, på utvalde datoar i løpet av sommaren 2018.

Tabell 1-1 viser nøkkelinformasjon om dei besøkjande i Nærøyfjorden LVO som har vore med i brukarundersøkinga.

**Tabell 1-1: Nøkkelinformasjon om Nærøyfjorden LVO**

Talet på respondentar: 545 i kasseundersøkinga / 81 i etterundersøkinga			
Prosentdel nordmenn (N = 539)	27 %	Talet på nasjonalitetar (utanom Noreg) (N = 391)	31
Prosentdel førstegongsbesøkjande (N = 543)	78 %	Lokalt busette* (N = 539)	3 %
Prosentdel på fleirdagarstur (N = 507)	61 %	Prosentdel med barn i turfølgjet (N = 554)	15 %
Varigheit dagstur (gj.snitt timer) (N = 200)	4,75	Prosentdel kvinner (N = 557)	53 %
Varigheit fleirdagarstur (gj.snitt dagar) (N = 312)	3,14	Gjennomsnittsalder (N = 509)	40,7 år
Prosentdel som er på organisert tur (N = 542)	46 %	Prosentdel som går berre på sti (N = 81)	42 %
Prosentdel lågpuristar (N = 438)	62 %	Prosentdel som går både på og utanfor sti (N = 81)	16 %
Prosentdel mellompuristar (N = 438)	28 %	Prosentdel som alltid går utanfor sti (N = 81)	44 %
Prosentdel høgpuristar (N = 438)	10 %	Prosentdel som har erfaring med fleirdagarsturar (N = 531)	79 %

Kjelde: Sjølvregistreringsundersøkinga og etterundersøkinga. \*Personar som er busette i Voss, Aurland eller Vik

Det er ei klar overvekt av utanlandske besøkjande som har svart på undersøkinga i Nærøyfjorden LVO. I sjølvregistreringsundersøkinga er 73 prosent av respondentane utanlandske og 27 prosent norske. At det er ein høg prosentdel utanlandske respondentar, har også følgjer for kor mange som oppgir at dei har besøkt området tidlegare. 22 prosent av respondentane oppgir at dei har besøkt Nærøyfjorden tidlegare, mens 78 prosent er førstegongsbesøkjande. Vidare er besøksgruppa kjenneteikna av at ho er nokså ung. Gjennomsnittsalderen er 40,7 år, og heile 29 prosent av respondentane er i aldersintervallat 25–34 år. Ettersom forvaltningsorganet bevisst prøvde å rekruttere personar som deltok på guida kajakkтур i Nærøyfjordområdet til undersøkinga, er det grunn til å rekne med at samansetjinga av respondentutvalet er påverka av dette. Det er vidare ein stor del av respondentane som oppgir at dei var med på ein organisert tur (46 %) då dei besøkte Nærøyfjorden LVO, noko som igjen kan knytast til måten dei besøkjande er blitt rekrutterte til undersøkinga på.

Dei fleste som deltok i sjølvregistreringsundersøkinga, oppgav at dei oppheldt seg fleire dagar i Nærøyfjorden LVO i samband med turen dei var på då dei fylte ut svarskjemaet. 61 prosent av respondentane var på ein fleirdagarstur i verneområdet, mens 39 prosent besøkte området på dagsvisitt.

Målretta informasjon er eit av verktøya som forvaltningsorganet kan nytte for å sikre at bruken av området skjer i samsvar med gjeldande verneforskrifter. Det er då avgjerande at dei besøkjande faktisk innhentar informasjon om området, og at dei opplever at relevant informasjon om området er lett tilgjengelig. Dette er forhold som er kartlagde i etterundersøkinga. 68 prosent av respondentane oppgir at dei innhenta informasjon før dei kom til området, og blant desse er internett den klart mest brukte informasjonskjelda. Dei fleste respondentane opplever at det er uprøblematisk å finne relevant informasjon om området. Men dersom verneområdestyret skulle prioritere å gi ytterlegare informasjon om området, oppgir respondentane at dei føretrekker å kunne hente denne informasjon på internett før dei reiser heimanfrå, eller frå informasjonstavler som er plasserte ved parkeringsplassar og innfallsportar til landskapsvernombrådet.

I denne undersøkinga har vi også kartlagt kva for tilretteleggingstiltak dei besøkjande meiner er viktige for dei når dei ferda i Nærøyfjorden LVO. Dei besøkjande er opptekne av at stiane i verneområdet bør vere tydeleg merkte, at det finst skilt ved stikryss som viser retning og avstand, og at det er sett opp informasjonstavler ved innfallsportane til området. Jamt over er dei besøkjande nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i området. Likevel er det fleire av dei som peiker på at det er klare interesseomsetningar mellom den omfattande båt- og cruiseturismen på den eine sida og dei besøkjande sitt ønske om reine naturopplevingar på den andre. Det er fleire som påpeiker at det er vanskeleg å auke båt- og cruiseturismen utan at det påverkar naturkvalitetar og plante- og dyreliv i landskapsvernombrådet på ein negativ måte. Ein stor del av kajakkipadlarane (60 %) oppgir også at båttrafikken på fjorden hadde ein negativ innverknad på opplevinga deira av å padle kajakk i området. Svara i denne undersøkinga understrekar kor viktig det er at dei ulike aktørane i Nærøyfjordområdet greier å samhandle på ein god måte for å handtere den omfattande turiststraumen til området.


## 2 Nærøyfjorden landskapsvernombord

Nærøyfjorden landskapsvernombord er eit naturområde som ligg i kommunane Aurland og Vik i Sogn og Fjordane fylke og Voss kommune i Hordaland fylke (sjå Figur 2-1). Nærøyfjorden blei verna som landskapsvernombord i 2002. Formålet med vernet er å ta vare på eit unikt natur- og kulturlandskap:

*Det eigenarta natur- og kulturlandskapet frå fjord til fjell med eit mangfaldig plante- og dyreliv skal takast vare på. Slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne er framleis i aktiv bruk gjennom landbruket, og dette er ein vesentleg del av landskapet sin karakter, og er ein del av landskapsvernet. (Nærøyfjorden verneområdestyre, 2013)*

14. juli 2005 blei Nærøyfjordområdet saman med Geirangerfjordområdet innskrive som Vestnorsk fjordlandskap på UNESCO si liste over kultur- og naturarvstader i verda. Nærøyfjordområdet omfattar areal omkring Nærøyfjorden og delar av Aurlandsfjorden i Aurland kommune og dessutan område i Voss, Vik og Lærdal. Området blir mellom anna forvalta av Nærøyfjorden verneområdestyre. I kartet under vises Nærøyfjorden landskapsvernombord (Figur 2-1).

**Figur 2-1: Nærøyfjorden landskapsvernombord (blått område)**




Kjelde: Kart utarbeidd med utgangspunkt i Miljødirektoratet sin naturbase

Nærøyfjorden landskapsvernombord har eit areal på 576 kvadratkilometer, av det er 29 kvadratkilometer sjø. Området er kjent for ein dramatisk natur, med bratte fjell som stig meir enn 1700 meter rett opp frå fjordane. Naturområdet er tilnærma skjerma for moderne tekniske inngrep. I landskapsverneområdet er det litt mindre enn 60 kvadratkilometer som blir rekna som villmarksprega område, det vil seie at det er meir enn 5 kilometer frå tyngre tekniske inngrep (Nærøyfjorden verneområdestyre, 2013).

Nærøyfjordområdet er òg kjent for tronge fjordar og breie dalar. Nærøyfjorden er i alt 19 km lang og er på det smalaste rundt 250 meter brei. Ved Bakka er fjorden mindre enn 500 meter brei, og avstanden mellom toppane på Bakkanosi (1398 moh.) og Vindegga (1295 moh.), på kvar si side av fjorden, er snaue 3 kilometer (SNL, 2018). Området tiltrekker seg svært mange turistar frå inn- og utland som vil oppleve den storlåtte naturen som finst her. Det var i 2015 ca. 920 000 besökjande i Aurland/Flåm (TØI, 2017). Av desse var om lag 182 000 cruiseturistar. Nærøyfjorden landskapsvernombord innbyr til både flotte fotturar i fjellområda og kajakk- og båtturar på Nærøyfjorden eller Aurlandsfjorden. Det finst òg ei rekke fossar i og rundt fjordane i landskapsvernombordet som er blitt kjende attraksjonar. Blant desse er Kjelfossen i Gudvangen (sjå Figur 2-2), som har status som den fossen i Noreg som har høgast vassfall (Utanriksdepartementet, 2016). Det er fleire vassdrag som er varig verna mot kraftutbygging.

**Figur 2-2: Kjelfossen, med eit samla fall på om lag 850 meter**



Kjelde: iStockphoto

Nærøyfjordområdet har høg biologisk variasjon og er generelt prega av det ligg på grensa mellom Austlandet og Vestlandet. Det er dokumentert 35 særskilde lokalitetar med biologisk mangfald (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2005). Her finst det både austlege og vestlege floraelement. Langs fjorden er det både slåtteenger og beitemark. Edellauvskogane langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er rike og har eit høgt innslag av lind. Nærøyfjordområdet er rikt på rovfugl, mellom anna artar som kongeørn, tårnfalk og fjellvåk. I området er det også mogleg å få auge på hjort, elg og villrein.

Nærøyfjordområdet har ein rik og variert kulturarv. Det kjem mellom anna til syne i kulturlandskapet. Her finst spesielle bygningsmiljø, høgtliggjande gardar, stavkyrkjer, ferdsselsminne og fangstanlegg (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2008). Den gamle postvegen frå 1600-talet mellom Oslo og Bergen går gjennom området. I dag blir dei gamle ferdsselsvegane brukte av turgåarar som vil oppleve området. Innanfor landskapsvernområdet er det kartlagt over 80 gardsbruk, gardstufter, stølsområde og andre typar bygningar. Dette viser at området var eit aktivt landsbruksområde i lang tid, og det er framleis aktiv landbruksdrift i delar av området.

### 3 Metode, gjennomføring og materiale

I dette kapittelet blir det gjort greie for dei informasjonskjeldene og metodane som er brukte for å kartleggje bruken av og haldninga til Nærøyfjorden LVO. I hovudsak byggjer denne rapporten på svar frå ei todelt spørjeundersøking, som blei gjennomført sommaren og hausten 2018.

Sjølvregistreringsundersøkinga er ei undersøking der dei besøkjande fylte ut eit skjema ved hjelp av penn og papir då dei besøkte området sommaren 2018. Denne undersøkinga blei gjennomført ved innfallsportane til landskapsvernombordet og ved rasteplassar inne i verneområdet. På slutten av denne undersøkinga blei respondentane bedne om å oppgi ei e-postadresse dersom dei ønskte å vere med i ei oppfølgjande og meir detaljert webundersøking i løpet av hausten 2018. Siktet med webundersøkinga var å skaffe endå meir detaljert informasjon om dei besøkjande, korleis dei brukte området, og preferansar knytte til tilrettelegging for friluftsliv. Både sjølvregistreringsundersøkinga og webundersøkinga tok utgangspunkt i brukarundersøkingar som tidlegare er gjennomførte for andre verneområde. På den måten har det vore mogleg å samanlikne svara frå Nærøyfjorden LVO med resultat frå liknande undersøkingar. Det har likevel vore behov for å gjere enkelte tilpassingar av undersøkinga for å ta omsyn til dei forholda og særtrekka som finst i Nærøyfjorden LVO. Desse forholda er i hovudsak knytte til kartlegging av aktivitet som går føre seg på fjordane. Desse tilpassingane er gjorde i samråd med verneområdeforvaltaren i Nærøyfjorden LVO.

Det er forvaltaren av verneområdet som har hatt hovudansvaret for å velje lokalitetar for gjennomføringa av sjølvregistreringsundersøkinga. Oslo Economics og dosent Ole Jakob Sørensen ved Nord universitet har hatt det vitskaplege ansvaret for behandling, analyse og presentasjon av dataa som er samla inn frå spørjeundersøkingane.

#### 3.1 Sjølvregistreringsundersøkinga i Nærøyfjorden landskapsvernombord

Som nemnt ovanfor blei første del av brukarundersøkinga gjennomført som ei sjølvregistreringsundersøking der besøkjande i verneområdet fylte ut eit svarskejma ved innfallsportane til området eller inne i sjøve verneområdet. Andre brukarundersøkingar som er blitt gjennomførte i norske verneområde, er organiserte ved at dei besøkjande finn skjema som er plasserte i sjølvregistreringskasser som er fordelt utover verneområdet. I Nærøyfjorden LVO blei sjølvregistreringsundersøkinga gjennomført ved at representantar frå verneområdestyret, SNO og Nærøyfjorden verdsarvpark tok kontakt med besøkjande og spurde om dei ville vere med i ei undersøking, framfor at dei besøkjande skulle svare på skjema som låg i sjølvregistreringskasser. Ved enkelte lokalitetar blei det gjort avtale med lokale aktivitetsverksemder om å dele ut skjema til besøkjande.

Ein slik måte å samle inn innspel frå dei besøkjande på blei vald fordi det kjem svært mange cruiseturistar til Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, og dei er ikkje relevante for brukarundersøkinga. Desse turistane ferdast som oftast berre i ein liten del av Nærøyfjorden landskapsvernombord. Denne brukarundersøkinga siktar seg primært inn på å kartleggje korleis fotturistar og kajakkpadlarar bruker området. Det blei vurdert at det er enklare å nå dei relevante respondentane ved at representantar frå verneområdestyret kunne vende seg til besøkjande som var på fot- eller kajakkтур i verneområdet, framfor at det blei sett ut sjølvregistreringskasser. Det kan dermed diskuterast om det er rett å kalle første del av brukarundersøkinga i Nærøyfjorden landskapsvernombord ei sjølvregistreringsundersøking, men for å halde omgrepssbruken mest mogleg lik den som er brukt i andre brukarundersøkingar, gjer vi ikkje nokon endringar i terminologien som blir brukt om dei to ulike undersøkingane. Svarskejmaet som blei brukt i Nærøyfjorden LVO, inneheld dei same elleve spørsmåla som er brukte i andre norske verneområde. Forskjellen er måten dei besøkjande blir rekrutterte til undersøkinga på.

Det var verneområdeforvaltaren i Nærøyfjorden LVO, i samråd med Miljødirektoratet, som gjennomførte ei vurdering av kvar dei skulle hente inn svar frå dei besøkjande. Ettersom det var ønskeleg å nå fotturistar og kajakkpadlarar, blei det bestemt å velje lokalitetar som fungerer som utgangspunkt for fot- og kajakkтурar. Dette inkluderte kaier og strender der det blir arrangert guida kajakkтурar, og populære stoppestader på turruter i verneområdet. Personellet hadde med seg bord eller benker til å fordele utstyret som ein trong til undersøkinga. Det inkluderte penn, svarskejma, eit kart over verneområdet og eit skriv om undersøkinga. Denne informasjonen blei gitt på tre ulike språk: norsk, engelsk og tysk. Personellet var instruert til aktivt å ta kontakt med besøkjande og spørje om dei ville delta i undersøkinga. Dei besøkjande fylte ut skjemaet sjølve, men dersom dei hadde spørsmål til undersøkinga, kunne dei få rettleiing frå det utsende personellet. Då respondenten hadde levert inn utfylt svarskejma, putta personellet skjemaet i ein eigen konvolutt. Normalt var det éin representant frå verneområdestyret, SNO eller Nærøyfjord verdsarvpark som var utplassert ved kvar lokalitet. Datainnsamlinga

blei gjennomført på desse datoane: 17. juli, 24. juli, 14. august og 21. august. På datoane 17. juli og 14. august var det mogleg å svare på undersøkinga mellom kl. 09 og 13, mens på dei to andre datoane kunne besøkjande svare på undersøkinga mellom kl. 13 og 17.

**Figur 3-1: Utfylling av spørjeskjema ved stranda i Flåm**



Foto: Erling Oppheim

### Svarlokalitetane

Tabell 3-1 gir ein nærmare omtale av dei åtte lokalitetane der det var mogleg å svare på undersøkinga, mens

Figur 3-2 viser svarlokalitetane i eit kart over Nærøyfjordområdet.

**Tabell 3-1: Lokalitetar der det var mogleg å fylle ut skjema**

#### Lokalitet (ved dei merkte lokalitetane var det òg utplassert ferdselsteljarar)

**1 Flåm:** Personellet hadde ein base på stranda i Flåm. Dette er eit populært startpunkt for kajakpadling. Det er fleire som bruker denne stranda som utgangspunkt for dagsturar og fleirdagarsturar med kajakk på Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden. Dataar då det var utsendt personell ved denne lokaliteten, var 17.07, 24.07, 14.08 og 21.08.

**2 Undredal:** Undredal er ei lita bygd som ligg midt på fjordstrekninga mellom Flåm og Gudvangen. Personell var plassert på kaien i Undredal. Undredal fungerer som eit flott utgangspunkt for kajakkturar på Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden. Området er òg eit startpunkt for turar til Stokko, Hovdongo og rundtur i Undredal. Dataar då det var utsendt personell ved denne lokaliteten, var 17.07, 24.07, 14.08 og 21.08.

**3 Stigen:** Stigen ligg i nærleiken av der Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden møtest. Det blei delt ut skjema ved Garden Nedre Stigen, som er ein tradisjonsrik gard som ligg på ei fjellhytte ved Aurlandsfjorden. I tillegg blei det plassert ut skjema i turkassa i området. I dette området finst det fleire alternativ for fotturar, mellom dei tur ut til Beiteien, på spissen av Undredalshalvøya. Dette er utsiktspunktet i fjordmøtet mellom Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. Det blei delt ut skjema då eigarane av Nedre Stigen var på plassen.

**4 Fresvik:** Fresvik er ei lita bygd i Vik kommune. Det var mogleg å fylle ut svarsksjema på Fresvik kai. Herifrå kan ein gjennomføre kajakkturar til mellom anna Nærøyfjorden, Aurlandsfjorden og Stigen. Det var datainnsamling på ulike datoar i Fresvik. Det blei delt ut skjema då det var organiserte turar i området.

---

**5 Dyrdal:** Ein fastbuande i Dyrdal delte ut skjema på kaien i grenda. I dag er det berre éin fastbuande i Dyrdal. Grenda er populær for turgåarar som vil oppleve det særeeigne klyngjetunet på terrassen ovanfor sjøen. Det er fleire turstiar i Dyrdal, som går vidare til stølane og opp til fjelltoppen Breiskrednosi. Det finst også teltplassar i Dyrdal og på Salthella, og det er registrert aukande besøk i området. Dataar då det var utsendt personell ved denne lokaliteten, var 17.07, 24.07, 14.08 og 21.08. Ein merknad frå feltpersonellet er at dei fleste skjemaa blei fylte ut i tidsrommet kl. 9–13. Vidare blir det påpeikt at svarprosenten kanskje kunne ha vore høgare dersom ein hadde stått ute mellom kl. 17 og 20. Undersøkinga fanga ikkje direkte opp dagsturar til Salthella.


**6 Styvi:** Styvi er ein gard på austsida av Nærøyfjorden som ikkje har vegsamband til omverda. Her ligg Styvi gardsmuseum, som viser ulike gamle reiskapar og korleis ein gard blei driven i eldre tid. Den gamle postvegen frå Bleiklindi endar på Styvi. Turgåarar startar turen på Styvi eller Bleiklindi. Det er mange padlarar som har teltleir langs stranda frå Bleiklindi til Skalmenes. Det blei delt ut skjema på kaien på Styvi og ved teltplassane på Skalmenes og Oddnes. Dataane for utdeling av skjema var bestemt ut frå når eigaren på Styvi var tilgjengeleg.

**7 Bakka:** Bakka er ei grend i Nærøyfjorden i Aurland kommune. Her hadde det utsende personellet ein base på kaien på Bakka. Området er eit utgangspunkt for dagsturar og fleirdagarsturar på Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. Det er òg eit startpunkt for tur til Rimstigen, som gir flott utsikt over Nærøyfjorden. Bakka er òg eit turmål for turgåarar frå Gudvangen. Dataane då det var utsendt personell ved denne lokalitetten, var 17.07, 24.07, 14.08 og 21.08.

**8 Gudvangen:** Det blei danna ein base ved stranda nedanfor bensinstasjonen i Gudvangen. Denne stranda er eit startpunkt for dagsturar og fleirdagarsturar med kajakk på Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. Det var stor aktivitet i dette området, med mange som var med på organiserte kajakkturar. Det blir rapportert at det var vanskeleg å komme til for å kunne dele ut skjema til turdeltakarane. Dataane då det var utsendt personell ved denne lokalitetten, var 17.07, 24.07, 14.08 og 21.08.

---

**Figur 3-2: Svarlokalitetar i Nærøyfjorden LVO**, grøn linje markerer vernegrensa og rød linje markerer naturreservat. Områda utanfor linja på austsida av Aurlandsfjorden (øvst til høgre) utgjer separate verneområde, som ikkje er inkluderte i analysen. «Lommene» rundt dalbotnen i Gudvangen, Dyrdal, Bakka og Undredal er område som ikkje er del av landskapsvernet.



Kjelde: Anbjørg Nornes, verneområdeforvaltar

Tabell 3-2 viser talet på utfylte svarkort ved dei ulike lokalitetane. For enkelte lokalitetar var talet på svar lågare enn det ein kunne vente. Det gjeld særleg for Gudvangen, der verneområdeforvaltaren rapporterer at det var vanskeleg å nå personar som var med på organiserte kajakkturar.

**Tabell 3-2: Talet på gyldige svar ved dei ulike lokalitetane**

Svarkasselokalitet	Talet på gyldige svar (N)
1 Flåm	76
2 Undredal	100
3 Stigen	74
4 Fresvik	15
5 Dyrdal	54
6 Styvi	50
7 Bakka	80
8 Gudvangen	96
Totalt	545

Kjelde: Sjølvregistreringsundersøkinga

#### Erfaringar frå undersøkinga

Verneområdeforvaltaren rapporterer at det varierte mykje kor mange som var på tur dei ulike dagane, avhengig av værforholda. Dei fire dagane då undersøkinga blei gjennomført, blei plukka ut tilfeldig, men i

ettertid ser ein at dagane kunne ha vore valde med utgangspunkt i når det var godt vær, og kva for vekedagar det er mest besøk. Vidare er det ein lærdom at ein kunne ha gjort avtalar med turoperatørar som held kajakkurs, før ein startar datainnsamlinga. Då kunne kursleiarane ha vore innstilte på at dei måtte setje av tid til undersøkinga. I forlenging av dette hadde det vore nyttig for personellet å få informasjon om når det blei arrangert guida kajakkturar ved dei ulike lokalitetane. Desse turane blir arrangerte til faste tider, og denne informasjonen kunne ha gjort at personellet hadde slokke å vente mellom kvar pulje av kajakpadlarar. Personellet rapporterer at det var få personar som hadde behov for rettleiing til å fylle ut skjemaet. Dette indikerer at spørsmåla var sjølvforklarande og tydelege. Verneområdeforvaltaren opplever at ein kunne ha vore endå tydelegare i instruksane til det utsende personellet om kven som skulle vere med på undersøkinga. Ved Undredal blei det delt ut skjema til alle turistar som var i området, mens ved dei andre lokalitetane blei det delt ut skjema berre til turgårar og kajakpadlarar. Personellet rapporterer at dei fleste var imøtekommende og villige til å fylle ut skjemaet. Men ein del besøkjande hadde dårleg tid, fordi dei førebudde seg til kajakk- eller fottur og derfor ikkje ville vere med på undersøkinga. Verneområdeforvaltaren presiserer at det hadde vore ein fordel om ein kunne ha samla inn data på endå fleire dagar, men medgir at dette hadde blitt kostbart.

### Moglege implikasjonar av metodeval

Det at sjølvregistreringsundersøkinga blei gjennomført ved at utsendt personell delte ut skjema, i staden for at det blei plassert ut sjølvregistreringeskasser i verneområdet, kan ha visse implikasjonar for resultata som blei oppnådde i undersøkinga. Metoden kan påverke både eigenskapane ved respondentuvalet og korleis respondentane svarer når dei gjennomfører undersøkinga. Det bør takast omsyn til dette ved tolkinga av resultata.

Sjølvregistreringsundersøkinga blei gjennomført i løpet av fire torsdagar i juli og august. Dette kan føre til at utvalsgruppa ikkje er fullstendig representativ for den totale besøksgruppa i verneområdet. Dersom det er spesielle kjenneteikn ved personar som besøkjer Nærøyfjorden LVO på torsdagar (dagtid) i løpet av juli og august, er det grunn til å tru at respondentane som vi studerer, ikkje er fullt ut representative for den samla besøksgruppa. Grunnen til det kan vere at det er prosentvis fleire turistar som besøkjer området på desse dagane enn i løpet av sommarsesongen (april til oktober) elles. Det er grunn til å tru at dei lokalt busette i større grad bruker området i helgene og om kveldane (utanom arbeidstid), og når trykket frå turistane er mindre. Dersom dette er tilfelle, er turistar overrepresenterte i vår undersøking, og lokalt busette tilsvarende underrepresenterte. I vanlege svarkasseundersøkingar er ikkje dette eit problem, då det er mogleg å svare på undersøkinga til alle tenkjelege tider i løpet av sommarsesongen.

Ein fordel med metoden som er brukt i Nærøyfjorden LVO, er at ein på ein meir treffsikker måte kan nå dei besøkjande som ein ønskjer å hente innspel frå. For verneområdestyret har det vore særleg viktig å innhente innspel frå turistar som gjennomfører fotturar eller kajakkturar i området. Med andre ord har det vore viktigare å innhente innspel frå denne gruppa besøkjande enn å sikre at respondentane er mest mogleg representative for heile besøksgruppa i Nærøyfjorden LVO.

Hittil har vi diskutert korleis undersøkingsgjennomføringa kan påverke kva for besøkjande som vel å delta i undersøkinga. Undersøkingsgjennomføringa kan òg påverke svara som respondentane gir. Frå forskingslitteraturen innanfor kvalitative metodar veit vi at det at intervjuaren er til stades, kan påverke korleis respondenten svarer, òg kjent som intervjueffekten (West & Blom, 2017). Det vil seie at respondentane blir observante på kva som kan vere det rette svaret, når dei føler at dei blir observerte, eller dersom dei opplever at intervjuaren kan lese av svara når dei leverer inn skjemaet. Det er likevel fleire forhold som tilseier at intervjueffekten ikkje var spesielt sterk i denne undersøkinga. For det første kunne respondentane gjennomføre undersøkinga i god avstand frå personellet. For det andre er spørsmåla på sjølvregistreringskortet lite personlege, og for mange av spørsmåla finst det ikkje «korrekte» svar. Unntaket er spørsmåla der respondentane skal vurdere kor tilfredse dei er med tilrettelegginga, og i kva grad Nærøyfjorden LVO samsvarer med idealområdet deira. Det er grunn til å tru at intervjueffekten sin innverknad varierte mellom dei ulike svarlokalitetane, avhengig av kor aktivt det utsende personellet var med å hjelpe/rettleie respondentar då dei svarte på undersøkinga, og i kva grad det var mogleg for respondentane å trekke seg tilbake då dei fylte ut skjemaet.

Personell som er svært aktive med å rekruttere besøkjande til undersøkinga, kan bidra til at personar med låg motivasjon for å svare på undersøkinga vel å delta. Det er då ein risiko for at desse respondentane svarer fort og mindre gjennomtenkt enn personar som er motiverde for å svare på undersøkinga. I så måte kan kvaliteten på svara bli påverka av kva slags inngang dei besøkjande hadde til undersøkinga – om dei sjølv tok eit eigenmotivert og aktivt val om å delta, eller om dei følte seg pressa til å delta. Vi kan ikkje sjå bort frå at

undersøkingsdesignet som er brukt i Nærøyfjorden LVO, kan gjøre at respondentane i gennomsnitt er mindre motiverte for å svare på undersøkinga enn det som er tilfelle i verneområde der ein har nytta sjølvregistreringskasser. Men utsendt personell som gir rettleiing til respondentane, kan også ha positiv effekt på kvaliteten på svara. I tilfelle der respondenten er usikker på spørsmålstillingar, kan oppklaringar frå personellet bidra til at respondentane svarer i samsvar med det som er formålet med spørsmålet. Med andre ord kan det at representantar frå verneområdestyret er til stades, ha både positiv og negativ effekt på svarkvaliteten, slik vi vurderer det.

### 3.2 Etterundersøkinga

Frå kasseundersøkinga blei det samla inn totalt 286 e-postadresser. Vi sende ut ei oppfølgjande etterundersøking til desse respondentane i midten av november. Etterundersøkinga blei designa på tre ulike språk: norsk, engelsk og tysk. Respondenten kunne sjølv velje kva for eit språk han eller ho ville gjennomføre undersøkinga på. Undersøkinga blei oppretta i den webbaserte løysinga QuestBack ([www.questback.com](http://www.questback.com)). Formålet med etterundersøkinga var å kunne stille meir detaljerte spørsmål knytte til bruk og haldninga enn det som var mogleg i sjølvregistreringsundersøkinga.

Spørjeskjemaet i etterundersøkinga følgjer eit standardisert skjema som blei brukt i ni andre område same året. Skjemaet er ein revidert versjon av etterundersøkingar som er gjennomførte i andre landskapsvernombområde og nasjonalparkar tidlegare, både av NINA og andre aktørar. Av dei 286 e-postane som blei samla inn i samband med sjølvregistreringsundersøkinga, var 56 adresser ugyldige, slik at utvalet utgjorde 230 respondentar. Svarprosenten var 35,2, det vil seie at 81 respondentar svarte på etterundersøkinga. Samanlikna med andre undersøkingar er dette ein noko låg svarprosent.<sup>1</sup> Det kan ha samanheng med korleis sjølvregistreringsundersøkinga blei organisert i Nærøyfjorden LVO. Som tidlegare nemnt kan ei oppsøkjande tilnærming, der representantar frå verneområdestyret aktivt rekrutterte besøkjande til undersøkinga, hatt innverknad på motivasjonen til respondentane då dei svarte på undersøkinga. Det igjen kan ha påverka svarprosenten i etterundersøkinga. Dersom du som besøkjande hadde låg motivasjon for å delta i sjølvregistreringsundersøkinga, er det lite sannsynleg at du vil vere med i ei meir omfattande etterundersøking. Vidare er det eit trekk ved tidlegare gjennomførte brukarundersøkingar at førstegongsbesøkjande jamt over er mindre interesserte i å delta i etterundersøkinga enn andre respondentar. Dette var tilfelle i Møysalen nasjonalpark (Oslo Economics & Sørensen, 2018a) og Stølsheimen landskapsvernombområde (Oslo Economics & Sørensen, 2018b). I Nærøyfjorden LVO siktta ein seg spesielt inn mot turistar, og derfor mange førstegongsbesøkjande, då ein skulle gjennomføre sjølvregistreringsundersøkinga. Dette kan også bidra til å forklare ein relativt låg svarprosent i etterundersøkinga.

Talet på svar i etterundersøkinga er på eit slikt nivå at ein skal vere forsiktig med å påstå at svarfordelingane frå undersøkinga er fullstendig representative for brukarane av Nærøyfjorden landskapsvernombområde. Når talet på svar er så lite, og dette gjeld særleg oppfølgingsspørsmål som er stilte til ein del av respondentane, kan resultata i større grad bli tilfeldige. Dei må derfor tolkast forsiktig, og dei må vurderast som indikasjonar og peikepinnar framfor sanningar som er gyldige for heile populasjonen av besøkjande.

### 3.3 Representativitet ved etterundersøking versus sjølvregistreringskort

Det er av interesse å finne ut om representativiteten i etterundersøkinga og sjølvregistreringsundersøkinga er tilnærma lik. For å finne ut dette er det stilt enkelte like spørsmål i sjølvregistreringsundersøkinga og etterundersøkinga. Dette er spørsmål som kartlegg kven brukaren er, det vil seie informasjon om kjønn, alder, bustad osv.

I Tabell 3-3 er det presentert ei rekke samanliknbare variablar frå dei to undersøkingane. For mange av indikatorane er det forskellar mellom respondentane i sjølvregistreringsundersøkinga og etterundersøkinga, i gennomsnitt. Respondentane i etterundersøkinga er jamt over eldre enn i sjølvregistreringsundersøkinga. Prosentdelen kvinner har gått ned med over 6 prosentpoeng frå sjølvregistreringsundersøkinga til etterundersøkinga. Dette er ein tendens som ein også har observert i andre brukarundersøkingar, mellom anna i ei brukarundersøking i Møysalen nasjonalpark (Oslo Economics & Sørensen, 2018a) og ei brukarundersøking i Langsua nasjonalpark (Vorkinn, 2016a). Prosentdelen førstegongsbesøkjande gjekk ned frå 77,5 prosent i sjølvregistreringsundersøkinga til 56,8 prosent i etterundersøkinga. Prosentdelen norske respondentar er nesten

<sup>1</sup> Då liknande brukarundersøkingar blei gjennomførte i Stølsheimen, Møysalen og Lyngsalpane sommaren 2017 var svarprosenten høvesvis 51,1 %, 47,3 % og 43,4 %. (Oslo Economics, 2018)

dobra, frå 27,5 prosent i sjølvregistreringsundersøkinga til 53,1 prosent i etterundersøkinga. Ettersom respondentar i etterundersøkinga er rekrutterte frå sjølvregistreringsundersøkinga, skulle ein normalt sett kunne vente at indikatorverdiane var tilnærma like i dei to undersøkingane. Når dette ikkje er tilfelle, kjem det først og fremst av at talet på respondentar i etterundersøkinga er relativt lågt samanlikna med i sjølvregistreringsundersøkinga.

**Tabell 3-3: Representativitet ved sjølvregistreringsundersøkinga og etterundersøkinga**

	Sjølvregistreringsundersøkinga	Etterundersøkinga
Gjennomsnittleg alder	40,4 år	47,4 år
Prosentdel førstegongsbesökjande	77,5 %	56,8 %
Prosentdel kinner	53,3 %	46,9 %
Prosentdel lokalt busette*	2,8 %	3,7 %
Prosentdel nordmenn	27,5 %	53,1 %

Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga og etterundersøkinga. \*Lokalt busette er definert som personar som bur i kommunane Voss, Aurland eller Vik i sjølvregistreringsundersøkinga og Voss, Aurland, Vik eller Lærdal i etterundersøkinga.

Sidan vi ikkje kjenner den sanne fordelinga av ulike typar brukarar i Nærøyfjorden LVO, kan vi heller ikkje seie noko sikkert om utvalet som utgjer respondentane i sjølvregistreringsundersøkinga, er ein meir korrekt representasjon av Nærøyfjorden-brukarane enn det respondentane frå etterundersøkinga er. Det gjer det vanskeleg å gjøre ei stratifisering for å oppnå eit utval som representerer den sanne samansetjinga av besökjande. Det er likevel viktig å vere klar over forskjellane i respondentutvalet i dei to undersøkingane. Ein bør ha i bakhovudet at eigenskapane ved respondentane i dei to undersøkingane er ulike når ein tolkar dataa. Kort forklart bør ein ha i mente at respondentane i etterundersøkinga skil seg frå respondentane i sjølvregistreringsundersøkinga ved at dei er eldre, har meir turerfaring frå Nærøyfjorden, i større grad er menn, og i større grad er busette i Noreg.

### 3.3.1 Analyse og framstilling av data

Rådata frå sjølvregistreringsundersøkinga og den webbaserte etterundersøkinga blei analyserte ved hjelp av makrokoding i Excel. Det blei her gjennomført ein rekke kryssanalysar, som blir presenterte i dei påfølgjande kapitla.

## 4 Indikatorsett for Nærøyfjorden landskapsvernområde

Eit indikatorsett som viser nøkkelinformasjon om brukarane av Nærøyfjorden LVO, er vist i Tabell 4-1. Informasjonen i denne tabellen er henta utelukkande frå sjølvregistreringsundersøkinga. Omgrepet indikator blir brukt om nokre nøkkeldata som blir nytta i fleire brukarundersøkingar for verneområde. Indikatorane gjer det mogleg å samanlikne resultat frå ulike undersøkingar.

Eit tydeleg kjenneteikn ved dei som besøkjer Nærøyfjorden LVO, er at dei fleste er utanlandske og førstegongsbesøkjande i området. Av 545 respondentar i sjølvregistreringsundersøkinga var 73 prosent utanlandske, og 78 prosent besøkte Nærøyfjorden for første gong då dei fylte ut svarskjema sommaren 2018. Dei utanlandske besøkjande kjem frå alle verdshjørne. I sjølvregistreringsundersøkinga er det registrert respondentar frå Kuwait, Peru og Fransk Polynesia, for å nemne nokre land. Det er likevel flest utanlandske besøkjande frå USA og Tyskland.

Nøkkelinformasjonen som er presentert i Tabell 4-1, blir analysert meir i detalj i dei neste kapitla.

**Tabell 4-1: Nøkkelinformasjon om respondentane som deltok i sjølvregistreringsundersøkinga**

Talet på respondentar: 545

Prosentdel nordmenn (N = 539)	27 %	Talet på nasjonalitetar (utanom Noreg) (N = 391)	31
Prosentdel førstegongsbesøkjande (N = 543)	78 %	Lokalt busette* (N = 539)	3 %
Prosentdel som er på organisert tur (N = 542)	46 %	Prosentdel kvinner (N = 557)	53 %
Prosentdel lågpuristar (N = 438)	62 %	Gjennomsnittsalder (N = 509)	40,7 år
Prosentdel mellompuristar (N = 438)	28 %	Varigheit dagstur (gj.snitt timer) (N = 200)	4,75
Prosentdel høgpuristar (N = 438)	10 %	Varigheit fleirdagarstur (gj.snitt dagar) (N = 312)	3,14

Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga. \*Lokalt busette er personar med bustadadresse i Voss, Aurland eller Vik.

## 5 Om brukarane – kven er dei?

### 5.1 Informasjon om kjønn, alder, utdanningsnivå og bustad


Kjønnsfordelinga blant dei som fylte ut sjølvregistreringsskjema, var relativt jamn. Av dei som fylte ut skjema i Nærøyfjorden LVO sommaren 2018, var det 53 prosent kvinner og 47 prosent menn (til venstre på Figur 5-1). Majoriteten av dei som fylte ut skjema, hadde bustadadresse utanfor Noreg. 73 prosent av respondentane i sjølvregistreringsundersøkinga var utanlandske besøkjande, mens 27 prosent var norske.<sup>2</sup> Denne fordelinga gir ikkje nødvendigvis eit korrekt bilet av den sanne fordelinga av norske og utanlandske personar som besøkjer Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Dei som delte ut svarskjema i Nærøyfjorden LVO sommaren 2018, var blitt instruerte til å vende seg spesielt til turistar som var på fottur eller kajakketur i landskapsvernombordet. Lokalt busette var definerte som mindre relevante for denne undersøkinga, og vi må såleis gå ut frå at norske besøkjande generelt, og lokalt busette spesielt, er noko underrepresenterte i brukarundersøkinga. Det var berre 2,8 prosent av deltakarane i sjølvregistreringsundersøkinga som var busette i kommunane Aurland, Vik eller Voss (Figur 5-2). 7,4 prosent av dei besøkjande var busette i andre kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane, og 17,3 prosent elles i Noreg.

**Figur 5-1: Kjønnsfordeling (til venstre, N = 557) og nasjonalitet (til høgre, N = 539)**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga


**Figur 5-2: Kvar dei besøkjande er busette\* (N = 539)**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga. \*Lokale respondentar er definerte som personar med bustadadresse i kommunane Aurland, Vik eller Voss.

<sup>2</sup> Prosentdelen norske respondentar var tilnærma den same då TØI gjennomførte ei brukarundersøking i Nærøyfjordområdet sommaren 2015 (TØI, 2017). I TØI si undersøking var 27,4 % av dei ordinære besøkjande (ikkje på cruise) i Nærøyfjordområdet norske.

**Figur 5-3: Kvar dei besøkjande er busette\* (N = 81), prosentfordeling**




Kjelde: Basert på svar fra etterundersøkinga. \*Lokale respondentar er definerte som personar med bustadadresse i kommunane Aurland, Vik, Voss eller Lærdal.

Kvar dei besøkjande er busette, blei òg kartlagt i etterundersøkinga. Av Figur 5-3 ser vi at det var ein noko lågare prosentdel lokalt busette i etterundersøkinga (2,8 %) enn i sjølvregistreringsundersøkinga (3,7 %).<sup>3</sup> Av figuren ovanfor les vi at berre 3,7 prosent av respondentane i etterundersøkinga var lokalt busette, i den forstand at dei har bustadadresse i kommunane Aurland, Vik, Lærdal eller Voss. 6,2 prosent av respondentane oppgav at dei eig eller har tilgang til ei hytte eller ein støl i nærliken av Nærøyfjorden. Det var mogleg å velje begge alternativa i undersøkinga, og det er 1,23 prosent (1 respondent) som både bur i kommunane der Nærøyfjorden ligg, og som har tilgang til hytte i området. Det er altså 4,9 prosent som har tilgang til hytte, men som bur ein annan stad, blant respondentane i etterundersøkinga.

Det kjem turistar frå heile verda for å besøkje Nærøyfjorden. I sjølvregistreringsundersøkinga blei det registrert svar frå 391 utanlandske besøkjande. Figur 5-4 nedanfor viser korleis dei utanlandske respondentane fordeler seg på ulike nasjonalitetar. Det var flest utanlandske besøkjande frå USA (25 %). Vidare er det òg registrert mange besøkjande frå Tyskland (17 %), Australia (9 %), Belgia (5 %) og Nederland (5 %). Dette stadfestar at det er viktig at forvaltningsorganet gir relevant informasjon om området på fleire språk enn norsk. I tillegg til tysk, engelsk og fransk kan det ut frå denne oversikta synast som om nederlandsk, spansk og italiensk kan vere aktuelle språk å informere på. Dessutan er det ein del russiske besøkjande i gruppa «andre», samtidig som russisk er eit språk som mange i Aust-Europa elles forstår. Derfor kan også russisk vere eit aktuelt språk å tilby informasjon på.

**Figur 5-4: Fordeling av nasjonalitetar (N = 391)**




Kjelde: Basert på svar fra sjølvregistreringsundersøkinga

<sup>3</sup> Legg merke til at lokalt busette er definert noko ulikt i sjølvregistreringsundersøkinga og etterundersøkinga. I sjølvregistreringsundersøkinga er lokalt busette definert som personar med bustadadresse i kommunane som landskapsvernområdet ligg i (Voss, Vik eller Aurland), mens i etterundersøkinga er òg personar med bustadadresse i kommunane som verdsarvområdet ligg i, tekne med. Området inkluderer altså også Lærdal kommune.

Av Figur 5-5 går det fram at det var personar i alle aldrar som svarte på sjølvregistreringsundersøkinga. Personar i aldersgruppa 25–34 år er relativt godt representerte, med 29 prosent av det totale utvalet. Vidare er det relativt få respondentar som er 65 år eller eldre (6 %). At det er ein høg prosentdel unge respondentar og tilsvarende ein låg prosentdel eldre respondentar, kan ha samanheng med korleis sjølvregistreringsundersøkinga blei organisert. Det blei bevisst henta inn svar ved lokasjonar der det blei gjennomført guida kajakkturar. Det er sannsynleg at denne gruppa av besøkjande (kajakpadalarar) har ein lågare gjennomsnittsalder enn andre som besøkjer Nærøyfjorden LVO. Gjennomsnittsalderen på respondentane i sjølvregistreringsundersøkinga var 40,7 år, noko som er relativt ung. Då det blei gjennomført brukarundersøkingar i elleve norske verneområde sommaren 2017, var gjennomsnittsalderen på dei om lag 25 000 respondentane 44,1 år (Oslo Economics, 2018). Det er likevel vanskeleg å seie noko sikkert om den relativt låge gjennomsnittsalderen i Nærøyfjorden er eit resultat av faktiske eigenskapar hos dei besøkjande i Nærøyfjorden eller av undersøkingsdesignet i brukarundersøkinga.


Figur 5-6 viser utdanningsnivået til dei besøkjande som svarte på etterundersøkinga. Fleirtalet av dei som besøkjer Nærøyfjorden, har høgskule- eller universitetsutdanning på 4 år eller meir, og 21 prosent med høgare utdanning på inntil 3 år. 17 prosent av respondentane har vidaregåande som høgaste fullførte utdanning, mens 6 prosent har grunnskule som høgaste fullførte utdanning.

**Figur 5-5: Aldersfordeling i Nærøyfjorden (N = 509), prosentfordeling**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

**Figur 5-6: Høgaste fullførte utdanning (N = 81), prosentfordeling**




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

## 5.2 Friluftslivserfaring og friluftslivsinteresse

Dei fleste som har svart på sjølvregistreringsundersøkinga, oppgir at dei har erfaring med fleirdagarsturar til fots eller på ski. 79 prosent av respondentane oppgir at dei hadde gjennomført ein slik type tur før dei kom til Nærøyfjorden LVO. Rundt kvar fjerde respondent har svært mykje erfaring, det vil seie at han eller ho har gjennomført meir enn 20 fleirdagarsturar på ski eller til fots. Når ein samanliknar med andre norske verneområde, viser det seg at dei som besøkjer Nærøyfjorden, har relativt lite turerfaring. Då det blei gjennomført brukarundersøkingar i elleve norske verneområde sommaren 2017, var det berre Jostedalsbreen nasjonalpark som hadde ein lågare prosentdel besøkjande med mykje turerfaring (Oslo Economics, 2018). Frå tidlegare gjennomførte brukarundersøkingar er det ein tendens til at utanlandske besøkjande har mindre turerfaring enn det norske besøkjande har.

**Figur 5-7: Erfaring med fleirdagars fottur/skitur (N = 531), prosentfordeling**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

I etterundersøkinga blei det kartlagt kva interesse for ulike typar friluftsliv dei besøkjande hadde (Figur 5-8). Respondentane kunne svare på eiga interesse knytt til fire ulike aktivitetar. Desse aktivitetane var definerte på denne måten:


- **Motoriserte utandørsaktivitetar:** til dømes båtsport og snøskuterkjøring
- **Moderne friluftsliv:** aktivitetar som krev spesielle ferdigheter og utstyr, til dømes terrengsykling, klatring, kitting, kano- og kajakkpadling, hangglidning, randonee
- **Turfriluftsliv:** turar til fots og/eller på ski
- **Tradisjonelt haustingsfriluftsliv:** hausting av naturressursar for matauk og andre formål, gjennom jakt, fiske, bær- og sopplukking

På Figur 5-8 er svara om friluftsinntersetzung blant dei besøkjande, oppsummerte. Her kjem det fram at tradisjonelt turfriluftsliv er den aktivitetet som aller flest er «interessert» eller «svært interessert» i, med høvesvis 28 og 65 prosent av respondentane. Det er ingen respondentar som svarer «ikke interessert» på spørsmålet om turfriluftsliv. Det er ein like stor del av respondentane (12 %) som oppgir at dei er «svært interessert» i moderne friluftsliv som i tradisjonelt haustingsfriluftsliv. Når ein samanliknar med andre verneområde, viser dei besøkjande i Nærøyfjorden LVO ei relativt stor interesse for moderne friluftsliv. Av elleve norske landskapsvernområde og nasjonalparkar som blei undersøkte i 2017, var det berre besøksgruppa til Møysalen nasjonalpark som viste ei sterkare interesse for moderne friluftsliv (Oslo Economics, 2018). Dette kan ha samanheng med at mange av respondentane som er blitt rekrutterte til sjølvregistreringsundersøkinga i Nærøyfjorden, deltok på ein organisert kajakketur, som må definerast som ein moderne friluftslivaktivitet.

Det er relativt få respondentar som viser interesse for motoriserte utandørsaktivitetar. Slike aktivitetar inkluderer til dømes båtsport og snøskuterkjøring. 74 prosent av respondentane oppgir at dei ikkje er interesserte i motoriserte utandørsaktivitetar, mens 17 prosent er «litt interessert». 8 prosent av respondentane er «interessert»


eller «svært interessert» i motoriserte utandørsaktivitetar. Det må påpeikast at respondenttalet ( $N = 81$ ) er forholdsvis avgrensa, så resultata må oppfattast meir som peikepinnar enn som sanne fordelingar.

**Figur 5-8: Interesse for ulike typar friluftsliv ( $N = 81$ ), prosentfordeling**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

**Figur 5-9: Har du besøkt andre nasjonalparkar eller landskapsvernområde i Noreg eller utlandet i 2018? ( $N = 81$ ), fleire svar moglege**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga


Ved sida av å spørje om dei besøkjande si generelle turerfaring og interesse for friluftsliv, blei det i etterundersøkinga stilt spørsmål om dei hadde besøkt andre verneområde i Noreg eller utlandet i 2018. Totalt 71,6 prosent hadde besøkt andre verneområde i 2018, enkelte både i Noreg og i utlandet. 56,8 prosent hadde besøkt verneområde i Noreg, mens 29,6 prosent hadde besøkt verneområde i utlandet (Figur 5-9). Blant verneområda dei besøkjande har svart at dei hadde besøkt i Noreg, er Jotunheimen, Hardangervidda og Jostedalsbreen dei som oftast blei nemnde, mens det òg var eit mangfold av andre verneområde over heile landet respondentane hadde besøkt. Blant dei som hadde besøkt verneområde i utlandet, var 9 personar (37,5 %) busette i Noreg, mens 15 (62,5 %) var busette i utlandet.

Det blei dessutan stilt spørsmål ved om respondentane hadde besøkt eit verneområde tidlegare, altså før 2018. 81,5 prosent hadde gjort dette anten i Noreg eller i utlandet. 8,6 prosent av alle respondentane svarte nei på om dei hadde besøkt eit verneområde i 2018 eller før 2018, noko som blei tolka som at besøket i Nærøyfjorden var det første besøket i eit verneområde dei hadde gjort nokon gong. Det kan likevel vere usikkert kor djupt respondentane har leita i minnet for å svare på dette spørsmålet.

## 5.3 Turfølgjet

Dei aller fleste som er på tur i Nærøyfjorden, er på tur saman med andre (til venstre på Figur 5-10). 96 prosent av respondentane i sjølvregistreringsundersøkinga oppgav at dei var på tur med minst éin annan person då dei besøkte området. Vidare er det nesten like mange respondentar som var med på ein organisert tur, som det er respondentar som ikkje var med på ein organisert tur i Nærøyfjorden LVO. Heile 46 prosent av respondentutvalet oppgav at dei var med på ein organisert tur då dei fylte ut sjølvregistreringskortet. Dette har samanheng med at mange av respondentane blei rekrutterte til å vere med på undersøkinga då dei deltok på ein guida padletur på Nærøyfjorden eller Aurlandsfjorden. Det er fleire selskap som har spesialisert seg på å tilby guida turar i landskapsvernombordet, anten som organiserte kajakkturar eller rundturar med båt eller ferje. Mange besøkjande er dessutan med på cruise der det er eigen guide, eller dei er med på ei reise organisert av eit turselskap frå landet dei kjem frå. Det er òg nokre som har vore med på tur i regi av lokalforeiningar av DNT.

**Figur 5-10: Prosentdel åleinereisande (til venstre, N = 532) og prosentdel som reiste på organisert tur (til høgre, N = 542)**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

Dei fleste som er på tur saman med andre i Nærøyfjorden, er på tur med éin annan person. 32 prosent av respondentane i etterundersøkinga oppgav at dei var to personar i turfølgjet (Figur 5-11). Vidare er det 33 prosent av respondentane som oppgir at dei var med i eit turfølgje på mellom tre og seks personar. Det er òg ein relativt høg prosentdel som oppgir at dei er på tur med svært mange andre menneske. Kvar femte respondent i sjølvregistreringsundersøkinga oppgir at dei er på tur med 11 personar eller fleire. Dei aller fleste respondentane som oppgir at dei er med i eit stort turfølgje (>10 personar), er på ein organisert tur.<sup>4</sup>

Av Figur 5-12 går det fram at 15 prosent av respondentane i sjølvregistreringsundersøkinga oppgav at dei hadde med seg barn under 15 år i turfølgjet. Fleirtalet av barna som besøkjer Nærøyfjorden LVO, er i alderen 7–14 år. 60 prosent av barna under 15 år er i denne aldersgruppa, mens 40 prosent er yngre. Det er to respondentar som har svart at dei har med eit barn som er yngre enn eitt år i turfølgjet, som er dei yngste barna som er registrerte.


<sup>4</sup> 86 prosent av respondentane som er på tur med fleire enn 10 personar, er med på ein organisert tur.

**Figur 5-11: Fordeling etter gruppestørrelse (N = 532)**



Kjede: Basert på svar fra sjølvregistreringsundersøkinga

**Figur 5-12: Prosentdel med barn i turfølget (N = 554) og alder på yngste barn (N = 67)**




Kjelde: Basert på svar fra sjølvregistreringsundersøkinga

## 5.4 Tidlegare besøk og kjennskap til Nærøyfjorden

I sjølvregistreringsskjemaet kunne dei besøkjande krysse av for kor mange somrar og/eller vintrar dei har besøkt Nærøyfjorden LVO. Basert på desse svara er det rekna ut kor høg prosentdel av dei besøkjande som har besøkt området tidlegare. Av Figur 5-13 går det fram at 22 prosent av respondentane oppgir at dei har besøkt området tidlegare, mens 78 prosent kan definerast som førstegongsbesøkjande.<sup>5</sup> Her må vi igjen presisere at undersøkingsdesignet kan ha hatt innverknad på resultatet. Ettersom det primære målet med undersøkinga var å hente svar frå turistar, er det sannsynleg at førstegongsbesøkjande er overrepresenterte i utvalet.

<sup>5</sup> Førstegongsbesøkjande er her definert som personar som oppgir at dei ikkje har besøkt Nærøyfjorden tidlegare vintrar eller somrar. Men det kan tenkjast at ein del av dei har besøkt verneområdet tidlegare i løpet av sommaren 2018. Desse personane blir likevel kategoriserte som førstegongsbesøkjande, sjølv om det ikkje er det første besøket deira til Nærøyfjorden. Dette er i samsvar med korleis førstegongsbesøkjande er definerte i tidlegare gjennomførte brukarundersøkingar.

**Figur 5-13: Tidlegare besøk i Nærøyfjorden landskapsvernområde (N = 543)**




Kjelde: Basert på svar fra sjølvregistreringsundersøkinga

Figur 5-14 viser fordelinga av talet på tidlegare besøk som respondentane har hatt i Nærøyfjorden LVO. I sjølvregistreringsundersøkinga blei respondentane spurde om kor mange somrar og vintrar dei har besøkt Nærøyfjorden. Blant dei som har besøkt området tidlegare sommarstid, er det flest (77 %) som har besøkt området mellom 1 og 5 somrar tidlegare. Blant dei som har besøkt Nærøyfjorden på vinterstid, er det 65 prosent av respondentane som har besøkt området mellom 1 og 5 vintrar tidlegare. 16 prosent av dei som har besøkt området på vinterstid, har vore i området meir enn 20 vintrar.

Det er fleire som oppgir at dei har besøkt Nærøyfjorden sommarstid (N = 121) enn vinterstid (N = 23). Ein skal vere forsiktig med å tolke dette som forholdet mellom kor mange som besøkjer verneområdet på vinterstid, og kor mange som kjem om sommaren. Ettersom sjølvregistreringsundersøkinga blei gjennomført i sommarmånadene, er det grunn til å tru at personar som bruker området om sommaren, er overrepresenterte i respondentutvalet, mens personar som bruker området vinterstid, er underrepresenterte.


I etterundersøkinga blei respondentane spurde om kor sterk tilknyting dei har til Nærøyfjorden LVO (Figur 5-15). Dei blei presenterte for ein svarskaala der 1 står for «inga spesiell tilknyting» og 7 står for «svært sterkt tilknyting». 36 prosent av respondentane oppgav at «inga spesiell tilknyting» til Nærøyfjorden LVO stemte best for deira del. 24 prosent av respondentane gav ein score på mellom 5 og 7, noko som tyder på at dei føler ei sterkt tilknyting til Nærøyfjorden LVO. Det er grunn til å rekne med at førstegongsbesøkjande føler ei svakare tilknyting til området enn personar som har mykje turerfaring frå området. I denne brukarundersøkinga er turistar og førstegongsbesøkjande overrepresenterte i utvalet. I gjennomsnitt gir respondentane i etterundersøkinga ein scoreverdi på 3,2.

**Figur 5-14: Tidlegare besøk. Kor mange somrar og vintrar har du besøkt Nærøyfjorden tidlegare? (Berre inkludert dei som har vore i Nærøyfjorden minst éin gong anten sommar eller vinter)**



Kjelde: Basert på svar fra sjølvregistreringsundersøkinga

**Figur 5-15: Kor sterk tilknyting har du til Nærøyfjorden landskapsvernområde? (N = 81)**




Kjelde: Basert på svar fra etterundersøkinga

## 5.5 Brukarane sine motiv for å besøkje Nærøyfjorden

I etterundersøkinga blei motiva som dei besøkjande hadde for å reise til Nærøyfjorden, kartlagde. Respondentane blei presenterte for 11 ulike utsegner om Nærøyfjorden, og så skulle dei vurdere kor viktige desse forholda var for at dei besøkte Nærøyfjorden. Svarskalet gjekk frå 1 («ikke viktig») til 7 («svært viktig»).

Den utsegna som flest har gitt høgast vurdering, er at ein kan oppleve heilt spesiell natur her, som har oppnådd gjennomsnittsverdien 6,5. Deretter kjem det er fint å padle her, med 4,9, området er eit verdsarvområde og ein møter få andre i området, med 4,6. På ein skala frå 1 til 7 vil 4 innebære 'middels' viktig. At området er godt tilrettelagt med stiar og teltplassar, det er mange fjelltoppar å gå på og terrenget er utfordrande å ferdast i kan dermed seiast å vere middels viktig for besøket i gjennomsnitt, sidan desse verdiane ligg svært nær 4. At det er mange dyr/fuglar å sjå, ein kan gå på Breiskrednosi, ein kan gå på Bakkanosi og det er fint å fiske her får derimot ein gjennomsnittsverdi under middels. Det er dessutan ein stor prosentdel som svarer «veit ikkje» på spørsmålet om det å gå på Breiskrednosi eller Bakkanosi var viktig, med 18,5 prosent på kvar.

**Figur 5-16: Kor viktige var dei følgjande årsakene til at du besøkte Nærøyfjorden i 2018? (N = 81) [skala frå 1 til 7, der 1 = ikke viktig, 7 = svært viktig]**




Kjelde: Basert på etterundersøkinga

Figur 5-17 viser kor mange prosent av respondentane som har gitt ein verdi lik 6 eller 7 på dei 11 ulike utsegogene. Forholdet ein kan oppleve heilt spesiell natur her blir vurdert som det viktigaste motivet for å besøkje Nærøyfjorden. 88 prosent av respondentane meiner at dette forholdet var «viktig» eller «svært viktig» for at dei valde å besøkje Nærøyfjorden. Vidare blir det er fint å padle her (55 %), området er eit verdsarvområde (37 %)

og ein møter få andre i området (37 %) vurdert som andre viktige motiv for å besøkje området. Det er færre som er motiverte av at det er fint å fiske her (2 %) eller at ein kan gå på Bakkanosi (11 %) eller Breiskrednosi (12 %). Dette heng truleg saman med at dette er meir spesifikke besøksmotiv, som berre appellerer til ein mindre del av alle besøkjande, og at dei utsegnene som har fått større prosentdel («svært viktig»), er meir generelle motiv.

**Figur 5-17: Motiv\* for å besøkje Nærøyfjorden (N = 81)**



Kjelde: Basert på svar fra etterundersøkinga. \*Svarskaleten går opphavleg frå 1 «Hadde ingenting å seie» til 7 «Svært viktig». Figuren ovenfor viser kor mange prosent av respondentane som har gitt ein verdi lik 6 eller 7 på dei 11 ulike utsegnene.

## 5.6 Idealområde og purisme

Før å bli betre kjende med brukarane av Nærøyfjorden landskapsvernombordet og kva type naturområdet dei føretrekker å ferdast i, har vi prøvd å kartleggje idealområdet til brukarane når dei vil gjennomføre ein fleire timars tur i eit skogs-/fjellterreng om sommaren. I sjølvregistreringsundersøkinga blei respondentane presenterte for åtte ulike kjenneteikn ved eit tenkt naturområde, og så skulle dei på ein skala frå 1 til 7 oppgi kor negativt (1) eller positivt (7) dette forholdet er dersom dei samanliknar med idealområdet sitt. Dei åtte kjenneteikna dei besøkjande skulle vurdere, var:


- ... det finst tilrettelagde leirplassar med do, ved, bål, søppeldunkar
- ... du kan bli kvitt søppel i utplasserte søppeldunkar
- ... det finst merkte stiar i området
- ... det er god skilting ved stistart og stikryss i området
- ... det er lagt ned trestokkar til å gå på der stien går over våt myr
- ... det finst hytter med matservering og oppreidde senger i området
- ... du møter mange andre friluftsfolk i løpet av turen
- ... du kan gå milevis utan å møte eit menneske

Figur 5-18 viser gjennomsnittsverdiane for kvart kjenneteikn. Ein gjennomsnittsscore på mellom 5 og 7 inneber at gjennomsnittsrespondenten synest det er svært positivt at eit naturområde har dette kjenneteiknet, mens ein gjennomsnittsscore på mellom 1 og 3 inneber at det er negativt.

Dei fleste besøkjande i Nærøyfjorden LVO meiner at eit ideelt naturområde er kjenneteikna av god skilting ved stikryss i området (6,0) og at det finst merkte stiar i området (6,0). Vidare synest den gjennomsnittlege respondenten at det er positivt at eit naturområde er kjenneteikna av at det er lagt ned trestokkar til å gå på der

stien går over våt myr (5,4) og at ein kan gå milevis utan å møte eit menneske (5,1). Det einaste forholdet som oppnår ein gjennomsnittsscore på under 4, er at du møter mange andre friluftsfolk i løpet av turen (3,9). Dette indikerer at det er fleire respondentar som opplever at det er negativt å møte mange andre folk på tur enn respondentar som synest det er positivt.

**Figur 5-18: Brukarane sitt idealområde, gjennomsnittsscore<sup>6</sup>, [1 representerer at dette kjenneteiknet er «svært negativt», 4 betyr «nøytralt» og 7 betyr at det er «svært positivt» at idealområdet har dette kjenneteiknet]**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

Fra dei åtte kjenneteikna som blei brukte til å kartlegge idealområda til brukarane (Figur 5-18), er det mogleg å dele respondentane inn etter purismegrad. Det vi kallar purismegrad, seier noko om brukarane sine preferansar for tilretteleggingstiltak og om dei ønsker å treffe på andre menneske når dei er på tur. Lågpuristar er dei som ønsker mykje tilrettelegging og synest det er positivt å møte andre menneske når dei er på tur. Høgpuristar set pris på liten grad av tilrettelegging og meir høve til å ferdast uforstyrra av andre menneske. Måten vi har rekna ut prosentdelen av låg-, mellom- og høgpuristar på, følgjer metoden som det er gjort greie for av Vistad og Vorkinn (2012). Kvar respondent har fått ein gjennomsnittsscore basert på det dei har svart om dei åtte kjenneteikna som er nemnde ovanfor. Scoreverdien ligg mellom 1 og 7, der lågpuristar er dei som oppnår ein score på 1-3,5, mellompuristar ein score på 3,51-4,49 og høgpuristar ein score på 4,5-7. Det må påpeikast at svarskalet som er vist på Figur 5-18 ovanfor, er snudd for sju av kjenneteikna (alle bortsett frå kjenneteiknet du kan gå milevis utan å møte eit menneske) når vi reknar ut purismegraden.<sup>7</sup>


Det var 438 personar som blei vurderte etter purismeskalaen i Nærøyfjorden LVO. 62 prosent av respondentane blei klassifiserte som lågpuristar, 28 prosent som mellompuristar og 10 prosent som høgpuristar (Figur 5-19). Resultata viser at dei utanlandske respondentane er noko meir puristiske enn dei norske besøkjande. Det var 43 prosent av dei utanlandske respondentane som blei klassifiserte som anten mellom- eller høgpuristar, mens berre 23 prosent av dei norske respondentane blei klassifiserte som like puristiske. Dette indikerer at dei utanlandske besøkjande føretrekker mindre grad av tilrettelegging enn det dei norske respondentane gjer, og at utanlandske besøkjande i større grad set pris på uforstyrra ferdsel. At utanlandske besøkjande er meir puristiske enn norske besøkjande, er eit trekk som går att i brukarundersøkingar som er gjennomførte i andre verneområde. Samanlikna med andre norske verneområde er besøksgruppa til Nærøyfjorden nokså nær gjennomsnittet når det gjeld purismeklassifisering. Dersom ein samanliknar med resultat frå 11 ulike brukarundersøkingar som blei gjennomførte sommaren 2017, var det sju verneområde som hadde ein lågare prosentdel lågpuristar enn Nærøyfjorden, og fire verneområde med ein høgare prosentdel lågpuristar (Oslo Economics, 2018). Dette

<sup>6</sup> Spørsmålet var stilt slik: «Tenk deg at du skal gjennomføre ein fleire timars tur i skogs-/fjellterreng om sommaren, og at området er slik DU helst vil ha det – som om det var ditt «idealområde». Ville det vere positivt eller negativt for deg at ...

<sup>7</sup> Ein person som svarer «(7)» (svært positivt) på korleis han eller ho opplever det at dei møter mange andre friluftsfolk i løpet av turen, blir gitt ein verdi lik «1» når vi fastset purismegraden, og omvendt.

indikerer at dei besøkjande i Nærøyfjorden ikkje ønskjer noko høgare eller lågare omfang av tilretteleggingstiltak enn det besøkjande i andre norske verneområde gjer.


**Figur 5-19: Purismegrad (N = 438)**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

Vi har vidare gjort analysar på om det er låg-, mellom- eller høgpuristar som i størst grad meiner at Nærøyfjorden LVO samsvarer med idealområdet deira (Figur 5-20). Det er ingen respondentar som har gitt ein verdi lik 1, som betyr at Nærøyfjorden LVO «samsvarar ikkje i det heile teke» med idealområdet deira. Det er flest lågpuristar som meiner at Nærøyfjorden LVO har «fullt samsvar» med idealområdet deira (28 %). Vidare er det 17 prosent av mellompuristane og 10 prosent av høgpuristane som meiner at Nærøyfjorden samsvarer fullstendig med idealområdet deira. Samla sett meiner dei fleste besøkjande at Nærøyfjorden samsvarer godt med det dei ser på som eit idealområde. Men det er besøkjande som gjerne vil ha høg grad av tilrettelegging for friluftsliv og vil møte på andre menneske når dei er på tur (lågpuristar), som er mest tydelege på at Nærøyfjorden er ein ideell stad for friluftsliv.

**Figur 5-20: Samsvar med idealområde (N = 171), [1 = samsvarar ikkje i det heile, 5 = fullt samsvar]**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

På Figur 5-21 har vi rekna ut gjennomsnittsverdiane for kvart av dei åtte kjenneteikna brukarane blei bedne om å vurdere, separat for høvesvis dei som meinte at Nærøyfjorden i liten eller ingen grad samsvarte med idealområdet, og dei som meinte at Nærøyfjorden i stor grad samsvarte med idealområdet. Her må vi nemne at det var svært få som meinte at Nærøyfjorden i liten eller ingen grad samsvarte med idealområdet, slik at desse verdiane byggjer på eit lite utval. Figuren viser at dei som meinte at Nærøyfjorden i liten grad samsvarte med idealområdet deira (blått), meiner at det er mindre viktig at det er merkte stiar i området, at det er god skilting ved stistart og stikryss, at det finst hytter med matservering og oppreidde senger, at det er lagt stokkar over våt

myr, at det finst tilrettelagde leirplassar, og at ein kan bli kvitt søppel i utplasserte søppeldunkar. Kort sagt er dei som meinte at Nærøyfjorden ikkje samsvarer med idealområdet, mindre opptekne av tilretteleggingstiltak enn dei som meinte at området samsvarer med idealområdet i stor grad. Dei som meiner at det er lite samsvar mellom Nærøyfjorden og idealområdet deira, har òg svart at det er mindre viktig å møte andre friluftsfolk i løpet av turen, men gjennomsnittleg òg at det er noko mindre viktig å kunne gå milevis utan å møte eit menneske.

**Figur 5-21: Kjenneteikn ved idealområde for dei som meiner Nærøyfjorden samsvarer med idealområdet i høg grad og i liten grad**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

## 6 Bruken av området

### 6.1 Romleg bruk

I sjølvregistreringsundersøkinga blei det samla inn svar frå dei besøkjande ved åtte ulike lokalitetar. Til saman blei det samla inn 545 svar. Mengda av utfylte svarskjema ved dei ulike lokalitetane gir ein peikepinn på kva for delar av verneområdet det er mest ferdsel i. I Tabell 6-1 nedanfor ser vi at det var flest utfylte skjema ved Undredal (N = 100), Gudvangen (N = 96) og Bakka (N = 80). I kva grad fordelinga i tabellen gir eit korrekt bilet av ferdsselsintensiteten i dei ulike delane av Nærøyfjorden LVO, er likevel usikkert.

Sjølvregistreringsundersøkinga blei gjennomført i løpet av fire torsdagar i juli og august. Det kan tenkjaast at ferdsselsintensiteten ved dei ulike lokalitetane er systematisk annleis på torsdagar enn dei andre dagane i veka. Dette er mellom anna tilfelle dersom det blir arrangert fleire eller færre guida turar på torsdagar enn dei andre dagane i veka. Det kan òg tenkjaast at det var forskjellar mellom kor aktive det utsende personellet var ved dei ulike lokalitetane. Dette er eit anna forhold som kan skape tvil om svarfordelinga ved dei ulike lokalitetane gir eit korrekt bilet av ferdsselsintensiteten.

**Tabell 6-1: Registrerte svarskjema frå brukarundersøkinga i Nærøyfjorden (N = 545)**


Lokalitet	Talet på gyldige svar (N)	Prosentvis fordeling
1 Flåm	76	14 %
2 Undredal	100	18 %
3 Stigen	74	14 %
4 Fresvik	15	3 %
5 Dyrdal	54	10 %
6 Styvi	50	9 %
7 Bakka	80	15 %
8 Gudvangen	96	18 %
<b>Totalt</b>	<b>545</b>	<b>100 %</b>

Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

Figur 6-1 viser kartet som respondentane i etterundersøkinga kunne bruke då dei skulle oppgi kva for innfallsportar dei hadde nytta i 2018. Respondentane kunne krysse av på ei nummerert liste med 10 førehandsdefinerte innfallsportar. I tillegg kunne dei oppgi andre innfallsportar dersom dei hadde brukt andre innfallsportar enn dei ti som var lista opp. Statistikken som er vist på Figur 6-2, er ikkje direkte samanliknbar med statistikken i Tabell 6-1. I kasseundersøkinga er det berre eitt besøk som er registrert per besøkjande, nemleg besøket då dei fylte ut spørreskjemaet, mens ein i etterundersøkinga kunne krysse av for fleire alternativ dersom ein hadde vore på tur fleire stader i landskapsvernombordet same året. Ettersom respondentar i etterundersøkinga er rekryterte frå sjølvregistreringsundersøkinga, er det likevel grunn til å tru at lokalitetar som var godt representerte i sjølvregistreringsundersøkinga, også er godt representerte i etterundersøkinga.


Av Figur 6-2 ser vi at dei mest besøkte lokalitetane rundt Nærøyfjorden blant respondentane i etterundersøkinga var Gudvangen (53 %), Flåm (42 %) og Undredal (41 %). Flåm og Gudvangen ligg langs E16 og er naturlege stoppestader dersom ein er på ein tur med fleire stopp rundt Nærøyfjorden, slik at det ikkje er overraskande at desse stadene kjem ut på topp. Også Undredal er eit svært populært besøksmål, med eit rikt opplevelingstilbod. Vidare er det ein del av respondentane som oppgir at dei har besøkt Stigen (23 %) og Dyrdal (20 %). 57 prosent av respondentane i etterundersøkinga hadde vore på to eller fleire stader i og rundt Nærøyfjorden LVO sommaren 2018.

**Figur 6-1: Kart frå etterundersøkinga, med ti førehandsdefinerte innfallsportar. Områda utanfor linja på austsida av Aurlandsfjorden (øvst til høgre) utgjer separate verneområde, som ikkje er inkluderte i analysen. «Lommene» rundt dalbotnen i Gudvangen, Dyrdal, Bakka og Undredal er område som ikkje er del av landskapsvernet.**



Kjelde: Kart utarbeidd av verneområdeforvaltaren. Nummereringa er den same som for stednamna på Figur 6-2.

**Figur 6-2: Innfallsportar til Nærøyfjorden (N = 81), fleire svar moglege**




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

## 6.2 Tid i verneområdet og overnatting

Fleirtalet av respondentane som har svart på sjølvregistreringsundersøkinga, oppgir at dei var på ein fleirdagarstur i Nærøyfjorden LVO sommaren 2018 (Figur 6-3). 61 prosent oppgir at dei var på ein tur som strekte seg over fleire dagar, mens 39 prosent var på dagstur. Av figuren nedanfor ser vi at nordmenn (76 %) i større grad var på fleirdagarstur i Nærøyfjorden LVO enn det utlendingar var (55 %).


**Figur 6-3: Prosentdel på dagstur og fleirdagarstur (N = 507)**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

Figur 6-4 viser kor lang tid høvesvis dagstur- og fleirdagarsturbesøkjande oppheldt seg i verneområdet. Dei aller fleste som gjennomførte ein fleirdagarstur i verneområdet, var på ein tur på mellom to og tre dagar. 85 prosent av respondentane som var på fleirdagarstur, oppgir at dei var på ein tur som varte i 2–3 dagar. Det var 7 prosent av utvalet som var på ein tur som varte i 4–5 dagar, 4 prosent på ein tur som varte i 6–7 dagar, og 4 prosent av dei som var på fleirdagarstur, var på ein tur som varte lenger enn éi veke. Ein gjennomsnittleg fleirdagarstur i Nærøyfjorden LVO har ei varigheit på 3,14 dagar.<sup>8</sup>

**Figur 6-4: Varigheit på fleirdagarstur (til venstre) og dagstur (til høgre), prosentfordeling**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

Majoriteten av dei som har vore på dagstur i Nærøyfjorden LVO, har vore på tur i mellom to og seks timar. 62 prosent av dei dagsturbesøkjande oppgir at turen dei var på då dei fylte ut svarskjemaet, varte mellom to og seks timar. Vidare er det 19 prosent av respondentane som har gjennomført ein kort tur i verneområdet, det vil


<sup>8</sup> Det var to respondentar som oppgav at dei var på fleirdagarstur i Nærøyfjorden i høvesvis 30 og 33 dagar sommaren 2018. Dette var personar som ferierte i ei hytte i området. Dersom ein uteleter desse to ekstremverdiane, varer ein gjennomsnittlig fleirdagarstur i 2,96 dagar.

sei ein tur som varer inntil to timer. Kvar femte dagsturbesøkjande har gjennomført ein lengre dagstur (meir enn seks timer) i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. I gjennomsnitt varte ein dagstur i Nærøyfjorden i 4,75 timer.

Respondentane i etterundersøkinga blei spurde om dei besøkte Nærøyfjorden éin eller fleire gonger i løpet av 2018. 85 prosent hadde berre eitt besøk i Nærøyfjorden i løpet av 2018, mens 15 prosent var der to eller fleire gonger. Dei blei òg spurde om kor mange dagar dei oppheldt seg i Nærøyfjorden totalt i løpet av 2018. Spørsmålet blei stilt i fire delar, der respondentane skulle fylle ut kor mange dagar dei oppheldt seg i verneområda i vintersesongen (jul–påske), i vårsesongen (etter påske–mai), i sommar-/haustsesongen (juni–september) og i vintersesongen (oktober–jul). Kor mange dagar dei besøkjande hadde vore i verneområda, varierte mykje mellom årstidene. Det var desidert flest som hadde vore éin eller fleire dagar i verneområda i sommarsesongen, og alle bortsett frå to respondentar hadde minst éin dag med besøk. I kvar av dei tre andre årstidene var det berre fire respondentar av dei 81 som svarte på undersøkinga, som hadde vore nokre dagar i verneområdet.

Figur 6-5 viser fordelinga i talet på dagar som respondentane var i Nærøyfjorden samla sett, summert for dei fire årstidene. Over to tredjedelar (68 %) var mellom 1 og 3 dagar i verneområda, og 20 prosent mellom 4 og 6 dagar. Til saman 8 prosent var mellom 7 og 18 dagar i Nærøyfjorden, mens 4 prosent var i verneområda i svært mange dagar, i 31 eller fleire i løpet av 2018. Desse tre respondentane svarte at dei hadde høvesvis 140, 160 og 110 dagar i året, noko som tyder på at dei anten bur fast i nærlieken eller budde delar av året i nærlieken av Nærøyfjorden.


**Figur 6-5: Kor mange dagar var du i Nærøyfjorden det siste året? (N = 81)**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

Blant dei som var på fleirdagarstur i Nærøyfjorden, var det flest som overnatta på éin stad og gjennomførte dagsturar frå denne staden (Figur 6-6). 26 prosent av respondentane i etterundersøkinga oppgav at dei hadde base på éin stad og tok dagsturar frå denne basen. 20 prosent av respondentane oppgav at dei tok dagsturar frå ulike utgangspunkt til ulike turmål. Dette er typisk for besøkjande som kører mellom ulike delar av verneområdet for å besøkje populære utkikkspunkter, fossefall eller liknande turmål. 12 prosent av respondentane oppgav at dei gjennomførte ein samanhengande tur med ulike overnattingssader då dei var fottur i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Det finst enkelte turisthytter i nærlieken av Nærøyfjorden landskapsvernombordet, mellom anna Grindaflehytta og Jashaugbu. Men det er andre naturområder i regionen som er betre utrusta med turisthytter, og som har eit meir omfattande stinnett enn det Nærøyfjorden LVO har, til dømes Stølsheimen landskapsvernombordet. Det er likevel enkelte populære turruter som endar opp rundt Nærøyfjorden, mellom anna fotturen gjennom Aurlandsdalen til Vassbygdi og sykkelturen frå Rallarvegen ved Myrdal og ned til Flåm. Dei besøkjande som gjennomførte slike turar, oppheldt seg ikkje primært i Nærøyfjorden LVO (rutene ligg fullstendig utanfor) og var ikkje prioriterte respondentar i undersøkinga.


**Figur 6-6: Dersom du var i Nærøyfjorden samanhengande i fleire dagar for å gå tur til fots, kva slags tur(ar) tok du? (N = 81)**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

I etterundersøkinga blei respondentane spurde om dei overnatta i eller i nærleiken av Nærøyfjorden landskapsvernområde i samband med besøket/besøka i området i løpet av det siste året. 87,7 prosent av respondentane (N = 81) svarte at dei hadde overnattet i eller i nærleiken av Nærøyfjorden LVO i løpet av det siste året. Desse respondentane blei vidare spurde om kva for overnattingsalternativ dei hadde nytta då dei besøkte området (Figur 6-7). Det er ein like stor del av respondentane (37 %) som har overnattet på *hotell, pensjonat eller fjellstove*, som har overnattet ved bruk av *telt, lavvo, gapahuk eller under open himmel utanom tilrettelagd plass*. Vidare har om lag kvar fjerde besøkjande overnattet på *tilrettelagd plass for campingvogn/bobil/telt der du betaler for å overnatte*. 11 prosent av respondentane har overnattet på *privat hytte*, mens 10 prosent har overnattet på *fjellstyre-/allmenningshytte*. Det er òg ein del av respondentane (9 %) som har overnattet hos *kjende, familie e.l.* Det er 10 prosent av respondentane som svarer at dei har nytta andre overnattingsalternativ då dei besøkte Nærøyfjorden LVO. Blant desse er det enkelte som nemner at dei overnattet på *cruiseskipet dei reiste med*. Det er ingen respondentar som svarer at dei har brukt *utleigetenesta Airbnb* då dei besøkte Nærøyfjorden LVO. Dette er ei teneste som er i stadig vekst i Noreg, og som utfordrar dei tradisjonelle overnattingstenestene i og rundt populære turiststader. I Folgefonna nasjonalpark var det til samanlikning 9 prosent av respondentane (N = 501) som oppgav at dei hadde nytta Airbnb då dei besøkte nasjonalparken (Oslo Economics & Sørensen, 2019). Når prosentdelen som nytta Airbnb, er såpass mykje lågare i Nærøyfjorden LVO enn i Folgefonna nasjonalpark, kan det komme av at det er eit lågt respondenttal i etterundersøkinga i Nærøyfjorden (statistisk usikkert resultat), eller at tilbodet av Airbnb-husvære er lågare i og rundt Nærøyfjorden.

**Figur 6-7: Overnattingstype, fordeling av respondentar (N = 70), fleire val moglege**




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

### 6.3 Bruk av sti og terreng

I etterundersøkinga blei det stilt spørsmål om dei besøkjande følgde tydelege stiar og vegar då dei gjekk eller sykla i verneområdet. Av Figur 6-8 går det fram at dei fleste nytta stiar eller vegar. Det var 13,6 prosent av respondentane som oppgav at dei aldri brukte sti eller veg, mens 42 prosent av respondentane rapporterte at dei alltid følgde sti eller veg. Dei resterande 44,5 prosent oppgav at dei ferdast både på og utanfor sti/veg då dei var på tur i Nærøyfjorden LVO. For ein del av respondentane kan dette spørsmålet ha verka lite relevant, dersom dei først og fremst padla kajakk mens dei var på tur i Nærøyfjorden LVO.

**Figur 6-8: Kor mykje av tida brukte du merkte/tydelege stiar og vegar når du gjekk eller sykla i Nærøyfjorden det siste året? (N = 81)**




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

## 6.4 Type bruk

I sjølvregistreringsundersøkinga blei dei besøkjande spurde om kva som var hovudformålet med turen dei var på då dei fylte ut svarskjemaet. Her var det mogleg å krysse av for fleire alternativ dersom ein hadde fleire formål med besøket i Nærøyfjorden LVO. Av Figur 6-9 går det fram at ein viss del av dei besøkjande hadde som formål å gjennomføre ein fottur i verneområdet. 27 prosent av respondentane oppgir at dei skulle gjennomføre ein dagstur til fots, mens 17 prosent hadde til formål å gjennomføre ein fleirdagarstur til fots.<sup>9</sup> Vidare ser vi at det er ein høgare prosentdel av norske respondentar enn utanlandske som er på fottur i verneområdet. Det er relativt få respondentar (2 %) som oppgir at dei har fiska i verneområdet. Vidare er det meir enn halvparten av respondentane som oppgir at dei har vore på kano- eller kajakktur i Nærøyfjorden. Dette er ein svært høg prosentdel, og det har samanheng med at respondentar i sjølvregistreringsundersøkinga blei rekrutterte ved brygger, strender og andre stader som fungerer som eigna utgangspunkt for kajakk- eller kanoturar. Det er ein høgare prosentdel utlendingar (60 %) enn nordmenn (40 %) som hadde tenkt å padle kajakk eller kano då dei besøkte Nærøyfjorden. Berre to prosent av respondentane oppgir at dei hadde til formål å gå på topptur i verneområdet. Desse resultata må vi igjen sjå i lys av kvar det var mogleg å svare på sjølvregistreringsundersøkinga. Ettersom kajakkipadlarar var ei prioritert målgruppe for undersøkinga, er det grunn til å tru at personar som går på topptur og fottur i verneområdet, er noko underrepresenterte i utvalet vårt.

**Figur 6-9: Føremål med turen (N = 484), fleire val moglege, prosentfordeling**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

I etterundersøkinga blei det stilt meir detaljerte spørsmål om kva for aktivitetar dei besøkjande hadde gjennomført i Nærøyfjorden i løpet av det siste året. Personar som hadde besøkt Nærøyfjorden fleire gonger i løpet av det siste året, kunne då oppgi alle aktivitetane dei hadde vore med på i verneområdet, og då også vinteraktivitetar. Av Figur 6-10 ser vi at 78 prosent av respondentane oppgir at dei har vore på fottur i Nærøyfjorden i løpet av det siste året. 58 prosent oppgir at dei har padla kajakk eller kano. Dette harmonerer godt med svara frå sjølvregistreringsundersøkinga (Figur 6-9). Høvesvis 6 prosent og 5 prosent av respondentane oppgir at dei har fiska eller sykla i verneområdet. Blant dei som oppgir at dei har sykla i verneområdet, rapporterer alle at dei har sykla langs veg i Nærøyfjorden LVO. Det er ingen respondentar som oppgir at dei har sykla utanom veg. Det er berre éin respondent som oppgir at han eller ho har gått på ski i Nærøyfjorden landskapsvernombåde i løpet av det siste året. Det same gjeld for jakt. Dette er aktivitetar som i større grad blir gjennomførte av lokalt busette og personar med tilknyting til området. Denne målgruppa er i denne undersøkinga noko mindre representert.

<sup>9</sup> Det kan tilsynelatande verke som at desse resultata avvik noko frå resultata som er presenterte på Figur 6-3, der det var fleire som oppgav at dei var på fleirdagarstur enn på dagstur i verneområdet. Men på Figur 6-3 studerte ein varigheit av alle typar turar, herunder også kajakkturar, mens ein på Figur 6-9 berre såg på dei som hadde vore på dagstur eller fleirdagarstur til fots.

**Figur 6-10: Friluftslivsaktivitetar i Nærøyfjorden (N = 81), fleire svar moglege, prosentdelar**

Kva slags friluftslivsaktivitetar har du drive med i Nærøyfjorden det siste året?



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga


## 6.5 Kajakpadling i Nærøyfjorden

Vi har tidlegare kartlagt at ein høg prosentdel av respondentane i sjølvregistreringsundersøkinga padla kajakk eller kano då dei besøkte verneområdet sommaren 2018. I dette delkapittelet studerer vi kva slags padleturar dei besøkjande gjennomførte, kor mykje erfaring dei har med kajakkтурar, og i kva grad dei blei forstyrra av motorisert ferdsel på fjorden då dei var på padletur i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Svara er henta frå etterundersøkinga dei besøkjande blei inviterte til å svare digitalt på.

Av dei som har padla kajakk eller kano i verneområdet, er det ein noko høgare prosentdel som har vore på padletur på Nærøyfjorden enn på Aurlandsfjorden (Figur 6-11). Det var 51 prosent av respondentane som hadde vore på ein guida tur på Nærøyfjorden, og 38 prosent som hadde gjennomført ein uorganisert tur på Nærøyfjorden. Tilsvarande var det 26 prosent av dei som hadde vore på padletur i verneområdet, som hadde vore med på guida tur på Aurlandsfjorden og 30 prosent som hadde gjennomført ein uorganisert tur på Aurlandsfjorden. Når svarprosentane er på meir enn 100 prosent, kjem det av at enkelte respondentar har vore på padletur både på Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden, og at enkelte har vore på både guida og uorganisert tur.

**Figur 6-11: Prosentdelar som var på guida og uorganisert tur på Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, fleire svar moglege**

Kva slags type padletur har du vore på siste året?\* (N = 47)




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga. \*Spørsmålet var berre stilt til respondentar som hadde kryssa av for at dei hadde vore på padletur.

På føregåande side kunne vi lese at ein nokså stor prosentdel av dei som var på padletur i verneområdet, ikkje hadde med seg guide. I kva grad det er bekymringsverdig at ein stor del av dei besøkjande gjennomfører organiserte padleturar i eit område med mykje båt- og cruisetrafikk, må ein sjå i samanheng med kva erfaring dei besøkjande har med å padle kajakk på ope hav. Firmaa som driv med utleige av kajakkar i Nærøyfjorden, stiller krav om at kundane har kompetanse på redning og har gjennomført eit introduksjonskurs. Av Figur 6-12 går det fram at 85 prosent av dei som padla kajakk i verneområdet, hadde erfaring med å padle kajakk på ope hav eller i fjordar før dei kom til Nærøyfjorden LVO i 2018. I underkant av halvparten av respondentane hadde padla kajakk på ope hav eller i fjordar mellom éin og fem gonger tidlegare. Det var òg ein nokså høg prosentdel av respondentane (26 %) som har svært mykje erfaring, det vil seie at dei har gjennomført meir enn 20 padleturar på ope hav eller i fjordar.

**Figur 6-12: Erfaring med kajakkturar (N = 48), prosentdelar**

Før du kom til Nærøyfjorden i 2018, kor mange gonger hadde du padla kajakk på ope hav eller i fjordar?




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

I etterundersøkinga blei respondentane òg spurde om dei var på fleirdagars kajakktur i verneområdet (Figur 6-13). Det var berre respondentar som tidlegare hadde kryssa av for at dei hadde vore på padletur i verneområdet, som fekk dette spørsmålet. Av figuren nedanfor ser vi at 34 prosent av respondentane oppgir at dei ikkje var på ein fleirdagars padletur då dei padla kajakk/kano i landskapsvernombrådet. 11 prosent rapporterer at dei overnatta på éin stad og tok dagsturar frå denne staden. Dei fleste som var på fleirdagars padletur, oppgir at dei var på ein samanhengande tur der dei overnatta på ulike stader. Heile 57 prosent av respondentane fortel at dei var på ein slik type padletur i Nærøyfjorden LVO. Desse respondentane blei vidare spurde om kvar dei overnatta i samband med padleturen. Ein stor del av dei oppgir at dei overnatta i Dyrdal og/eller Stigen. Det er òg fleire som har overnatta i Undredal eller ved Styvi.

**Figur 6-13: Type fleirdagarstur med kajakk (N = 47), fleire svar moglege**

Dersom du var i Nærøyfjorden samanhengande i fleire dagar for å padle kajakk, kva slags tur tok du?




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga


Det kjem svært mange cruiseskip til Nærøyfjorden LVO i sommarmånadene. I tillegg er det tilbod om organiserte rib- eller turistbåtturar på fjorden. Kajakkpadalarar som er på tur på Nærøyfjorden eller Aurlandsfjorden, skal dele fjorden med den motoriserte båttrafikken. I etterundersøkinga blei det derfor stilt spørsmål om korleis kajakkpadalarar oppfatta omfanget av trafikk frå båtar, cruiseskip og andre fartøy på fjorden, og om og korleis denne trafikken påverka opplevelinga av å padle kajakk i dette området (Figur 6-14). 32 prosent av respondentane meinte at det var «litt trafikk» då dei padla kajakk, mens nesten halvparten opplevde at det var «mykje» eller «svært mykje trafikk». Berre 19 prosent av respondentane meinte at det var «lite» eller «svært lite trafikk». Vidare blei alle respondentar som meinte at det var litt trafikk eller mykje/svært mykje trafikk, spurde om korleis trafikken påverka opplevelinga deira (den nedste figuren) av å padle kajakk i dette området. Det var ingen respondentar som oppgav at dei blei positivt påverka av båttrafikken. Men det var 39 prosent som oppgav at dei ikkje blei påverka av trafikken. Dei resterande 60 prosent av respondentane hadde ei negativ oppleveling av trafikken frå båtar, cruiseskip og andre fartøy då dei padla i området. Sjølv om talet på respondentar er lite ( $N = 38$ ), er det klare indikasjonar på at den motoriserte båtturismen på Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden påverkar kajakkpadalarar negativt.

**Figur 6-14: Oppleveling av omfang av motorisert ferdsel på fjorden (øvst) og korleis kajakkpadalarar blei påverka av motorisert ferdsel (nedst), prosentfordeling**

Syntest du det var stor trafikk frå båtar, cruiseskip og andre fartøy på fjorden? ( $N = 47$ )



Påverka trafikken på fjorden opplevelinga av å padle kajakk i dette området? ( $N = 38$ )




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

## 6.6 Nærøyfjorden som besøksmål

I etterundersøkinga blei respondentane som besøkte Nærøyfjorden LVO éin gong i løpet av det siste året, spurde om når dei bestemte seg for å besøkje området. Av Figur 6-15 ser vi at fleirtalet av respondentane bestemte seg for å besøkje Nærøyfjorden LVO meir enn tre månader før dei kom til området. Det kan truleg ha samanheng med at ein stor del av respondentane var utanlandske besøkjande eller andre turistar som hadde reist langt for å komme til Nærøyfjorden. Det at ein stor prosentdel av dei besøkjande bestemmer seg for å reise til Nærøyfjorden i god tid før dei kjem til området, gjer at det er lettare for forvaltningsorganet å nå fram med relevant informasjon om verneområdet via informasjonskanalar som til dømes internett, brosjyrar og appar. Av Figur 6-15 ser vi vidare at om lag femte person bestemte seg å besøkje området mellom éin og tre månader før dei reiste heimanfrå, mens 18 prosent av respondentane oppgir at dei tok avgjerda tett opptil besøket, det vil seie mindre enn éin månad før dei reiste heimanfrå eller var undervegs på turen.


Det at ein stor del av respondentane bestemmer seg for å besøkje Nærøyfjorden i god tid før dei kjem til området, går fram av svara som er presenterte på Figur 6-16. Det viser seg at over halvparten av respondentane i etterundersøkinga oppgir at besøket i Nærøyfjorden LVO var ein del av ei rundreise. Vidare er det 40,6 prosent som rapporterer at Nærøyfjorden var hovudmålet med turen. 8,7 prosent oppgir at besøket i Nærøyfjorden var ein avstikkar på veg til/frå ein annan stad.

**Figur 6-15: Når dei besøkjande tek avgjerda om å besøkje Nærøyfjorden (N = 69)**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

**Figur 6-16: Utgangspunkt for besøk i Nærøyfjorden landskapsvernområde (N = 69)**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

## 7 Informasjon og bruk av sosiale medium

I Nærøyfjordområdet finst det mange ulike næringsinteresser. Desse næringsinteressene skal balanserast, samtidig som forvaltningsorganet skal forvalte etter verneformåla for området. I dette arbeidet blir informasjon eit viktig verkemiddel for forvaltningsorganet. Dette er framheva i forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet:

*Med busetnad, landbruk og eit aktivt reiseliv i området, vil det vere trøng for omfattande informasjonstiltak, både om naturverdiane og kvifor området er verna og om ferdseregler og framferd i naturen. Det vil og vere trøng for informasjon retta mot ålmenta om kva verdi busetnad og aktiv landbruksdrift i verneområda har å seie for landskapsbilete, kulturverdiar og biologisk mangfald. Informasjon bør og rette seg mot å unngå konflikt mellom landbruk og ferdsle på innmark og i beiteområde.*

### Forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet


I dette kapittelet skal vi kartlegge i kva grad dei besøkjande skaffar seg informasjon om verneområdet før dei besøkjer området, og kva for informasjonskjelder dei nyttar. Vidare analyserer vi om dei besøkjande finn den informasjonen dei er på utkikk etter, og korleis forvaltningsorganet eventuelt kunne ha organisert informasjonsgivinga i tilfelle ein skulle gi ytterlegare informasjon om området.

#### 7.1 Informasjonsinnhenting og føretrekt informasjon

Dei fleste som besøkjer Nærøyfjorden LVO, skaffar seg informasjon før dei kjem til området. 68 prosent av respondentane i etterundersøkinga oppgir at dei innhenta informasjon om Nærøyfjorden før dei besøkte området (Figur 7-1). Samanlikna med andre norske verneområde er det ein stor prosentdel av dei besøkjande i Nærøyfjorden som skaffar seg informasjon før dei besøkjer området. Då det blei gjennomført brukarundersøkingar i elleve norske verneområde sommaren 2017, var det berre Rago nasjonalpark som hadde ei besøksgruppe som i større grad innhenta informasjon om området (Oslo Economics, 2018). I tidlegare utførte brukarundersøkingar er det påpeikt at det er førstegongsbesøkjande som i størst grad skaffar seg informasjon på førehånd (Vorkinn, 2016b). Ettersom brukarundersøkinga i Nærøyfjorden primært retta seg mot tilreisande turistar, er det ikkje overraskande at mange av dei besøkjande skaffa seg informasjon på førehånd.

**Figur 7-1: Prosentdel av dei besøkjande som skaffa seg informasjon om Nærøyfjorden (N = 81)**

Skaffa du deg informasjon om Nærøyfjorden før du kom til området i 2018?




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

Blant dei som skaffa seg informasjon om Nærøyfjorden, var *internett* den mest brukte informasjonskjelda (Figur 7-2). Om lag kvar tredje respondent som skaffa seg informasjon om området, brukte internett som informasjonskjelde. Populære nettsider er *visitnorway.de*, *Google Maps* og *tripadvisor.com*. Vidare er det mange (47 %) som oppgir at dei har fått informasjon frå venner/slektingar/kjende. Det er òg ein del av respondentane som har fått informasjon om Nærøyfjorden frå *reisehandbøker* (22 %), *blogg/Facebook/sosiale medium* (20 %) eller frå *turistkontor/informasjonssenter* (13 %).


Respondentane i etterundersøkinga blei òg spurde om kor lett dei syntest det var å få tak i relevant informasjon om Nærøyfjorden (Figur 7-3). Svarskalet som respondentane blei presenterte for, gjekk frå 1 til 7, der 1 betyr at det var «svært vanskeleg» å finne informasjon om Nærøyfjorden, mens 7 betyr at det var «svært lett». Svara frå etterundersøkinga tyder på at informasjonstilgangen generelt sett er god. 83 prosent av respondentane gir ein verdi mellom 5 og 7, som indikerer at dei syntest det var lett å finne relevant informasjon om Nærøyfjorden. Respondentar som gav ein score på mellom 1 og 4, blei spurde om kva slags informasjon dei syntest det var vanskeleg å finne. I underkant av halvparten av desse respondentane etterlyste betre informasjon om eigna stader for å slå opp telt i verneområdet. Dei andre fritekstsvara kan ein lese i delkapittel 13.4 (vedlegg).

**Figur 7-2: Informasjonskjelder (N = 55), fleire svar moglege**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

**Figur 7-3: Kor lett det er å skaffe seg informasjon om Nærøyfjorden (N = 55)**




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

Respondentane i etterundersøkinga fekk høve til å gi innspel på når dei ønskjer seg informasjon om verneområdet, dersom forvaltningsorganet skulle gi ytterlegare informasjon (Figur 7-4). Det går fram av


undersøkinga at flest besøkjande ønskjer å kunne innhente informasjon *før* avreise heimanfrå. 70 prosent av dei norske respondentane og 66 prosent av dei utanlandske respondentane ønskjer å kunne innhente ytterlegare informasjon om verneområdet *før* avreise heimanfrå. Vidare er det 38 prosent av respondentane som ønskjer å få informasjon på parkeringsplassar/innfallsportar til Nærøyfjorden, mens 30 prosent føretrekker at verneområdeforvaltinga gir ytterlegare informasjon *undervegs* frå bustaden til Nærøyfjorden. Berre tre respondentar (4 %) føretrekker å få ytterlegare informasjon om Nærøyfjorden *inne i sjølve området*.

**Figur 7-4: Når vil du helst få informasjon? (N = 81), fleire svar moglege**



Dersom forvaltningsorganet skal gi ytterlegare informasjon om verneområdet før dei besøkjande reiser heimanfrå, er det tydeleg at dei besøkjande ønskjer å kunne hente denne informasjonen frå *internett* (Figur 7-5). 96 prosent av respondentane ønskjer å kunne hente ytterlegare informasjon på internett. Vidare er det ein del av respondentane som føretrekker å få denne informasjonen via *mobiltelefon (app)* (23 %) eller *reisehandbøker* (19 %).

**Figur 7-5: Informasjon før avreise heimanfrå (N = 52)**




For spørsmåla om informasjonspreferansar ved innfallsportane til verneområdet og inne i sjølve verneområdet har vi ikkje skilt mellom svara frå utanlandske og norske respondentar, sidan talet på respondentar som har svart på

desse spørsmåla, er lite. Av Figur 7-6 ser vi at den føretrekte informasjonskjelda ved parkeringsplassar og innfallsportar til verneområdet er informasjonstavler. 87 prosent av respondentane ønskjer å få informasjon via informasjonstavler ved parkeringsplassar og innfallsportar til verneområdet. Vidare er det 45 prosent som føretrekker å kunne hente informasjon frå informasjonssenter, og det er 32 prosent som føretrekker mobiltelefon (app) som informasjonskjelde. 19 prosent ønskjer å få munnleg informasjon frå naturoppsyn. Det kan vere ulike årsaker til at det å få munnleg informasjon frå naturoppsynet ikkje er noko fleire ønskjer. Det kan vere usikkert om ein faktisk hadde treft på naturoppsynet mens ein er på tur, og det kan vere at ein ikkje først og fremst ønskjer munnleg informasjon, eller at enkelte ikkje ønskjer å treffen på naturoppsynet i det heile.

Blant dei som ønskjer å få ytterlegare informasjon om Nærøyfjorden inne i sjølve verneområdet, er det flest som ønskjer å få denne informasjonen via mobiltelefon (app) (Figur 7-7). 46 prosent av respondentane føretrekker å få informasjon frå brosjyrar på turisthyttene i området, mens 33 prosent ser helst at ein kan få munnleg informasjon frå naturoppsyn som du møter ute i fjellet eller på fjorden. Det er færre som føretrekker at informasjonen blir gitt gjennom aktivitetsfirma/overnattingsbedrifter (25 %), guida turar i regi av naturoppsynet (13 %) eller lysbileteforedrag/kåseri på turisthyttene inne i området (8 %).

**Figur 7-6: Informasjon ved parkeringsplassar og innfallsportar til verneområdet (N = 31)**


Korleis ville du helst hatt informasjon om Nærøyfjorden ved parkeringsplassar/innfallsportar til verneområdet?



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

**Figur 7-7: Informasjon inne i verneområdet (N = 24)**

Korleis ville du helst hatt informasjon om Nærøyfjorden inne i verneområdet?



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøking


## 7.2 Bruk av sosiale medium

I etterundersøkinga blei dei besøkjande spurde om dei delte opplevingane sine i Nærøyfjorden via sosiale medium (til venstre på Figur 7-8). Av dei 81 respondentane som svarte på spørsmålet, var det 62 prosent som

oppgav at dei delte opplevingar frå Nærøyfjorden via sosiale medium. Det var mest normalt å dele opplevingane sine i Nærøyfjorden mellom éin og tre gonger. 28 prosent av respondentane delte opplevingane sine mellom fire og ni gonger, mens 18 prosent av respondentane delte opplevingane sine på sosiale medium svært hyppig, det vil seie meir enn ti gonger.


Blant dei som deler opplevingane sine via sosiale medium, er det flest som nyttar Facebook (72 %). Vidare er det ein nokså stor prosentdel (44 %) som nyttar biletdelingsplattforma Instagram. Det er langt fleire nordmenn (45 %) enn utlendingar (5 %) som deler opplevingane sine frå Nærøyfjorden via Snapchat (Figur 7-9).

**Figur 7-8: Delte du opplevingane dine i Nærøyfjorden via sosiale medium (til venstre), og kor mange gonger (ca.) delte du opplevingane dine via sosiale medium? (til høgre)**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

**Figur 7-9: Kva for sosiale medium brukte du? Fleire svar er moglege.**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga


## 8 Oppleving av dagens tilstand i Nærøyfjorden

### 8.1 Nærøyfjorden som villmarksområde

I etterundersøkinga blei respondentane spurde om dei oppfattar heile eller delar av Nærøyfjorden som eit villmarksområde. Av Figur 8-1 går det fram at 10 prosent av respondentane oppfattar heile Nærøyfjorden som eit villmarksområde, mens det er 5 prosent som ikkje assosierer Nærøyfjorden med villmark. 78 prosent av respondentane oppfattar likevel delar av området som villmark. Alle respondentar som svarte at dei oppfatta delar av området som eit villmarksområde, blei spurde om kva for delar av Nærøyfjorden dei ikkje oppfatta som villmark. Generelt er det mange som peiker på at område der det finst anten ny eller gammal busetnad, ikkje kan definerast som villmark. Her blir Undredal, Dyrdal, Gudvangen, Flåm og Aurland nemnde som døme på stader som ikkje bli oppfatta som villmarksområde. Vidare er det fleire respondentar som peiker på at tilrettelegging for turisme er med på å tone ned området som eit villmarksområde. Særleg den omfattande båtturismen gjer at opplevinga av villmark er fråverande for fleire av respondentane.

I etterundersøkinga blei respondentane òg spurde om i kva grad dei opplevde ulike miljøkvalitetar under besøket i Nærøyfjorden sommaren i 2018. Svarskaletta som respondentane blei presenterte for, gjekk frå 1 til 5, der 1 representerer «ikkje i det heile teke», mens 5 representerer «heile tida». Resultata er presenterte på Figur 8-2.


**Figur 8-1: Oppfattar du Nærøyfjorden som eit villmarksområde? (N = 81)**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

**Figur 8-2: Oppleving av miljøkvalitetar i Nærøyfjorden? (N = 81)**

I kva grad opplevde du følgjande då du besøkte Nærøyfjorden i 2018?



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga


Av Figur 8-2 på føregående side går det fram at dei besøkjande opplevde naturopplevingar utanom det vanlege store delar av tida dei oppheldt seg i Nærøyfjorden. 48 prosent oppgav at dei opplevde naturopplevingar utanom det vanlege heile tida, mens 36 prosent opplevde dette det meste av tida. Generelt rapporterer dei besøkjande at dei opplevde stor grad av rein natur og stillheit då dei oppheldt seg i området sommaren 2018. Naturkvalitetane som dei besøkjande i minst grad opplevde i Nærøyfjorden LVO, var urørt natur og blir sjeldan forstyrra av andre. Dette er òg noko ein kan vente, sidan det finst mykje busetnad inne i verneområdet, og sidan området tiltrekker seg store turstmengder kvar sommar.

## 8.2 Kunnskap om vernestatus og reglar for bruk av verneområdet

Dei fleste som besøkjer Nærøyfjorden, er kjende med at området er verna som eit landskapsområde og verdsarvområde (Figur 8-3). Det var 78 prosent av respondentane i etterundersøkinga som visste at området var verna, før dei kom til området. Det er som ein kunne vente, ein høgare prosentdel av dei norske besøkjande (88 %) som kjende til at området var verna, enn av dei utanlandske besøkjande (66 %). I ei brukarundersøking som TØI gjennomførte i 2015 (TØI), blei det òg spurt om dei besøkjande hadde kjennskap til verdsarvstatusen. Her svarte 69,4 prosent av dei norske respondentane og 56,8 prosent av dei utanlandske at dei kjende til verdsarvstatusen før dei kom til området. Utvalet i undersøkinga frå 2015 er forskjellig frå denne brukarundersøkinga, ved at alle typar turistar, inkludert cruiseturistar, var med i utvalet. Derfor er det ikkje grunnlag for å seie noko om endringa i kunnskap frå den eine undersøkinga til den neste.<sup>10</sup>

Respondentar som kjende til vernestatusen, blei vidare spurde om vernestatusen påverka valet deira om å besøkje Nærøyfjorden. Her svarer 30 prosent at vernestatusen ikkje påverka valet deira. 54 prosent svarer at vernestatusen påverka valet deira «til ein viss grad», mens 16 prosent oppgir at vernestatusen påverka valet deira «i svært stor grad». Det kan tenkjast at respondentar har ulik tolking av spørsmålet om kor mykje verneområdestatusen har å seie for besøket. Der enkelte respondentar kan tenkjast å vurdere den direkte verdien av verneområdestatusen, mellom anna at det til dømes er interessant for respondenten å besøkje eit verdsarvområde eller eit landskapsvernombord i seg sjølv, kan andre respondentar vurdere kva for indirekte nytteverdier ein vernestatus kan gi i form av vern av naturområde, som vidare kan gi flotte opplevingar i inngrepssfrie naturområde.

**Figur 8-3: Var du klar over at Nærøyfjorden er eit landskapsområde og verdsarvområde, før du besøkte området det siste året? (til venstre, N = 81). Nærøyfjorden har status som verdsarvområde, har det påverka valet om å komme hit? (til høgre, N = 63)**



**Kjelde:** Basert på svar frå etterundersøkinga

<sup>10</sup> I tillegg var spørsmålstillinga noko ulik i TØI si undersøking og i vår etterundersøking. TØI spurde respondentane om dei hadde kjennskap til området sin verdsarvstatus, mens vi spurde om dei besøkjande hadde kjennskap til at området var verna både som verdsarvområde og landskapsvernombord.


I etterundersøkinga blei dei besøkjande sin kunnskap om verneregler kartlagd. Respondentane skulle ta stilling til seks ulike utsegner knytte til bruk av verneområdet, og så skulle dei vurdere om dei ulike aktivitetane/tiltaka er tillatte i landskapsvernområdet. Utsegnene dei skulle vurdere, var:

- Kan du gå kvar du vil?
- Er det lov å ta tørre kvistar for å brenne bål i den perioden bålbranning er tillate?
- Er jakt, fangst og fiske tillate?
- Kan du slå opp telt der du vil?
- Kan alle som vil, køyre snøskuter?
- Kan alle som vil, køyre vasskuter?

For dei tre første utsegnene og den siste utsegna er «ja» det korrekte svaret, mens «nei» er det korrekte svaret for dei to andre påstandane. Når det gjeld telting, kan ein slå opp telt kvar ein måtte ønske i utmark, og ein kan opphalde seg der i inntil to døgn. Men det er ikkje lov å slå opp telt nærmare enn 150 meter frå hus eller hytter der det bur folk. Det er med andre ord fleire område i Nærøyfjorden landskapsvernområde der det ikkje er lov å slå opp telt.

Det er ein tydeleg tendens at utanlandske respondentar har mindre kjennskap til vernereglane enn det dei norske respondentane har. Dette kjem til uttrykk når ein høgare prosentdel av dei utanlandske respondentane svarer «veit ikkje» og feil på spørsmåla enn det norske respondentar gjer. Av den grunn kan det vere viktig at forvaltningsorganet gir informasjon på fleire språk enn norsk når ein skal gi informasjon om reglar for bruk av området. Av Figur 8-4 (til venstre) ser vi at 44 prosent av respondentane kjende til at ein kan gå kvar ein vil i landskapsvernområdet. Men det er store forskjellar mellom norske og utanlandske respondentar. Blant nordmenn er det 65 prosent som svarer korrekt, mens det berre er 21 prosent som svarer korrekt blant dei utanlandske respondentane. På spørsmålet om det er lov å ta tørre kvistar for å brenne bål i den perioden bålbranning er tillate, svarer 63 prosent av dei utanlandske respondentane «veit ikkje». Det er like mange av dei utanlandske respondentane som svarer korrekt som feil på dette spørsmålet. Blant dei norske respondentane er kunnskapen noko høgare. Her svarer 53 prosent korrekt, 14 prosent feil, mens 33 prosent svarer «veit ikkje».

**Figur 8-4: Kunnskap om reglar for fri ferdsel (til venstre) og om det er tillate å sanke kvister til bålbranning (til høgre)**




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

Av Figur 8-5 (til venstre) på neste side går det fram at 36 prosent av respondentane veit at det er tillate med jakt, fangst og fiske i verneområdet. 19 prosent av respondentane svarer feil, mens 46 medgir at dei ikkje veit svaret på spørsmålet. Også her viser dei utanlandske respondentane mindre kunnskap om reglar for bruk og om åtferd enn det dei norske respondentane gjer. På spørsmålet *kan du slå opp telt der du vil*, svarer 49 prosent korrekt og 22 prosent feil, mens 28 prosent svarer «veit ikkje».


Det er også stilt spørsmål om ulike typar motorisert ferdsel er tillate i landskapsvernområdet, mellom anna bruk av snøskuter og vasskuter (Figur 8-6). Dette er dei spørsmåla som respondentane er mest trygge på. Berre to prosent av respondentane svarer feil på spørsmålet om snøskuterkjøring er tillate i verneområdet. Snøskuterkjøring er berre tillate etter løye frå forvaltningsorganet, i oppeikna trasear (sjå § 3 pkt. 2.3 i forskrift om vern i vedlegg 1). 86 prosent av dei norske respondentane og 34 prosent av dei utanlandske respondentane svarer korrekt på spørsmålet om snøskuterkjøring. Respondentane er noko meir usikre når det gjeld reglane for bruk av vasskuter i landskapsvernområdet. Her svarer 48 prosent av respondentane feil. Det er berre 9 prosent av dei norske respondentane og 5 prosent av dei utanlandske respondentane som svarer korrekt, og at det er lov å bruke vasskuter i verneområdet. Dette resultatet kan komme av regelendringane som tredde i kraft i 2017. Då blei det bestemt at vasskuterar kunne brukast på lik linje med båtar i dei fleste område (Klima- og miljødepartementet, 2017).

**Figur 8-5: Kunnskap om reglar for jakt, fangst og fiske (til venstre), og kunnskap om telting (til høgre)**



Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

**Figur 8-6: Kunnskap om snøskuterkjøring (til venstre) og vasskuterkjøring (til høgre)**




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkingane

## 8.3 Forstyrrende opplevingar

I etterundersøkinga blei respondentane spurde om dei møtte andre personar som dei reagerte negativt på då dei besøkte Nærøyfjorden sommaren 2018. Av Figur 8-7 går det fram at 12 prosent av respondentane oppgav at dei hadde negative opplevingar med andre besøkjande då dei oppheldt seg i Nærøyfjorden LVO. Desse respondentane blei spurde om kva dei reagerte negativt på. Dei fleste rapporterer at dei reagerte negativt på den omfattande båttrafikken på Nærøyfjorden generelt, og rib- og cruisebåtane spesielt. Det blir presisert at båttrafikken lagar mykje støy og tek for mykje plass i naturen. Vidare er det enkelte respondentar som rapporterer at dei har hatt negative opplevingar med overstadig rusa besøkjande.

**Figur 8-7: Prosentdel som reagerte negativt på andre besøkjande (N = 81)**

Møtte du andre besøkjande som du reagerte negativt på?




Kjelde: Basert på svar frå etterundersøkinga

## 9 Synspunkt på forvaltning og tilrettelegging

Fleirtalet av dei som svarte på brukarundersøkinga i Nærøyfjorden LVO sommaren 2018, var godt nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv. 70 prosent av respondentane oppgav at dei var «godt nøgd» med tilrettelegginga, 28 prosent var «ganske nøgd», mens berre 2 prosent var «misnøgd». Tidlegare har vi kartlagt kor stor prosentdel av respondentane som er høvesvis låg-, mellom- eller høgpuristar<sup>11</sup> (sjå kapittel 5.6). I kva grad respondentane meiner at det er for mykje eller for lite tilrettelegging når dei seier at dei er nøgde eller misnøgde med tilrettelegginga, må sjåast i samanheng med om dei synest tilretteleggingstiltak er viktige eller ikkje, og om dei er låg-, mellom- eller høgpuristar. I Nærøyfjorden er låg-, mellom- og høgpuristane tilnærma like nøgde med tilrettelegginga. Det var 74 prosent av høgpuristane (N = 43) som var «godt nøgd», mens 71 prosent av både lågpuristane (N = 272) og mellompuristane (N = 120) var «godt nøgd» med tilrettelegginga for friluftsliv. Dette tyder på at tilretteleggingsnivået som verneområdeforvaltninga har lagt seg, på treffer dei som liker mykje tilrettelegging, og dei som liker lite tilrettelegging, tilnærma like godt.

**Figur 9-1: Kor nøgd ein er med tilrettelegginga (N = 528), prosentvis fordeling**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

I etterundersøkinga blei respondentane presenterte for eit todelt spørsmål, der dei først skulle vurdere kor viktige ulike tilretteleggingstiltak var for dei då dei var på tur i Nærøyfjorden. Deretter skulle dei vurdere kvaliteten på dei same tiltaka (sjå Figur 9-2 og Figur 9-3). Ein slik analyse av kor viktige tiltaka er, og kvaliteten på tiltaka, kan bidra til å avdekke om forvaltningsorganet prioritærer dei rette tilretteleggingstiltaka ut frå eit brukarperspektiv. Er kvaliteten på tilretteleggingstiltaka høgast for dei tiltaka som er viktigast for dei besökjande?

Ved det første spørsmålet, der respondentane skulle vurdere kor viktige ulike tiltak var, blei dei bedne om å merkje av ein verdi på mellom 1 «ikkje viktig i det heile teke» og 7 «svært viktig». Basert på svara respondentane har gitt, er det rekna ut gjennomsnittsverdiar for kvart tilretteleggingstiltak. Dei tiltaka som oppnår høge gjennomsnittsverdiar, er tilretteleggingstiltak som har mest å seie for dei besökjande når dei er på tur i Nærøyfjorden LVO. Av Figur 9-2 går det fram at tydeleg merking av stiane (5,3), at det finst informasjonstavler ved innfallsportane (5,2) og skilt ved stikryss (5,1), er spesielt viktige tilretteleggingstiltak for gjennomsnittsrespondenten. Vidare meiner respondentane at det er positivt at det er høve til å parkere ved innfallsportane (5,0), at det finst bruer som gjer elvar/bekker lette å krysse (4,7) og at ein kan bruke utedo på teltplassane (4,6) når dei er på tur i Nærøyfjorden LVO. Tiltak som oppnår ein gjennomsnittsverdi under 4,0 tenderer til å bli vurderte som uviktige for gjennomsnittsrespondenten. Det er tre tilretteleggingstiltak som oppnår ein gjennomsnittsscore under 4,0. Det er nødbuer på lange ruter (3,8), tilrettelegging med bålpassar på strendene (3,8) og å treffen oppsyn under turen (2,7).


<sup>11</sup> Lågpuristar er personar som ønskjer mykje tilrettelegging, og som set pris på å møte andre menneske når dei er på tur, mens høgpuristar føretrekkjer liten grad av tilrettelegging og lite forstyrring frå andre menneske.

**Figur 9-2: Kor viktige ulike tiltak i Nærøyfjorden er (N = 81), [1 = ikke viktig i det hele, 7 = svært viktig]**



Kjelde: Basert på svar fra etterundersøkinga

**Figur 9-3: Opplevd kvalitet av ulike tiltak (N = 81), [1 = svært dårlig, 7 = svært bra]**



Kjelde: Basert på svar fra etterundersøkinga

På spørsmål om kva slags tilretteleggingstiltak dei besøkjande meiner er av høgast kvalitet i Nærøyfjorden LVO, blir *høve til å parkere ved innfallsportane* (5,1) trekt fram som eit tiltak som dei besøkjande meiner er av høg kvalitet (Figur 9-3). Det same gjeld tiltaka *enkle teltpassar ved fjorden* (5,1) og *tydeleg merking av stiane* (5,0). Tilretteleggingstiltak som blei vurderte som viktige av dei besøkjande (Figur 9-2), slik som tydeleg stimerking, førekomst av informasjonstavler og skilt ved stikryss, oppnår jamt over høge gjennomsnittsverdiar i vurderingane av kvalitet. Dette indikerer at det er samsvar mellom kva slags tilretteleggingstiltak som blir vurderte som viktige av respondentane, og kva for tilretteleggingstiltak som blir vurderte å vere av høg kvalitet. Såleis verkar det som at forvaltningsorganet generelt sett prioritærer dei rette tiltaka. Det bør presiserast at fleire respondentar synest det var vanskeleg å vurdere kvaliteten på fleire av tilretteleggingstiltaka. Det er truleg grunnen til at svært mange av dei svarer «*veit ikkje*». For tiltaka *nødbuer på lange ruter* og *å treffe oppsyn under turen* er det høvesvis 70 og 62 prosent av respondentane som har svart «*veit ikkje*». Dette har mest truleg samanheng med at mange av dei ikkje har grunnlag for å vurdere kvaliteten på desse tiltaka, då dei verken har sett nødbuer eller oppsynsmenn under besøket sitt i Nærøyfjorden. Når mange har svart «*veit ikkje*», er den statistiske uvissa rundt gjennomsnittsverdiane høgare. Dei to einaste tiltaka som oppnår ein gjennomsnittsverdi som er lågare enn 4,0, er *å treffe oppsyn under turen* (3,5) og førekomsten av *nødbuer på lange ruter* (3,7).

I etterundersøkinga blei respondentane spurde om korleis dei vurderer dagens naturtilstand i Nærøyfjorden, og kva haldning dei har til ei eventuell oppmjuking av vernereglane (Figur 9-4). Respondentane kunne vurdere dei 15 ulike påstandane på ein skala frå 1 «*heilt ueinig*» til 7 «*heilt einig*». Basert på desse svara er det rekna ut gjennomsnittsverdiar for kvar påstand. Når påstandar oppnår ein gjennomsnittsscore som er høgare enn 4, betyr det at den gjennomsnittlege respondenten er meir einig enn ueinig i påstanden. Tilsvarande inneber ein gjennomsnittsscore som er lågare enn 4, at gjennomsnittsrespondenten er meir ueinig enn einig i påstanden. Dei 15 ulike påstandane kan grovt sett kategorisera i tre ulike tematiske grupper: vurdering av dagens tilstand i Nærøyfjorden (1), syn på bruk av sti (2) og haldningar til ei hypotetisk liberalisering av vernereglane (3).


Når ein studerer respondentane sitt syn på dagens tilstand i Nærøyfjorden, viser det seg at majoriteten av respondentane meiner at det er uproblematisk å finne stader der ein kan vere for seg sjølv i Nærøyfjorden (5,6). Likevel er det fleire respondentar som meiner at det er *for mykje folk i enkelte område i høgsesongen* (4,7). Fleirtalet av respondentane opplever òg at det er *for mykje støy frå båttrafikken i området* (4,6), og at det er *for mykje forureining og røyk frå båtan* (4,5). Det er fleire som er ueinige enn einige i påstanden om at bølgjer på fjorden gjer det vanskeleg å padle (3,7). Dette spørsmålet blei stilt til alle respondentar, også dei som ikkje padla i Nærøyfjorden LVO. Dersom ein berre studerer svara til respondentane som oppgir at dei har padla i Nærøyfjorden LVO, er gjennomsnittsverdien endå lågare (3,4). Det er 53 prosent av dei respondentane som har vore på padletur i Nærøyfjorden LVO, som gir ein verdi i intervallet 1–3 og såleis meiner at bølgjer på fjorden i liten grad gjorde det vanskeleg å padle. 26 prosent har svart mellom 5 og 7, og har altså meint at det var eit problem med bølgjer. Det var omtrent motsett for påstandane om at det er *for mykje støy frå båttrafikk i området*, og at det *for mykje forureining og røyk frå båtar*. Dette tyder på at majoriteten av dei som er på padletur i Nærøyfjorden, ikkje meiner at bølgjer er det største problemet med båttrafikken, men heller støyen og forureininga som følgjer med båtturismen. Vidare meiner gjennomsnittsrespondenten at det ikkje er noko utbreidd problem at det er *for mykje søppel ved enkelte parkeringsplassar* (2,9) og på *teltplassane* (2,7).

Dei fleste respondentane i etterundersøkinga oppgir at *hovudstiane i Nærøyfjorden bør vere berre for fotturistar* (4,5), men at *det er greitt at enkelte stiar kan brukast av syklistar* òg (4,9). Vidare er respondentane meir uklare på spørsmålet om *det er blitt for stor slitasje på enkelte stiar i området* (4,2). Det er jamt over svært mange som svarer «*veit ikkje*» eller «*verken einig eller ueinig*» på denne påstanden. Ei mogleg forklaring er at mange av respondentane ikkje har nytta stiar mens dei har vore i verneområdet, og dermed ikkje har føresetnad for å ta stilling til påstanden.

Det er jamt over ein tydeleg motstand mot å mijuke opp vernereglane for å tillate gjennomføring av idrettsarrangement og meir motorisert ferdsel i verneområdet. Det er færrest respondentar som er «*heilt ueinig*» i påstanden om at *det burde vere lov med idrettsarrangement i landskapsvernområda* (3,1), men også her er det ein viss skepsis. Svært få synest at *det er greitt med droneflyging i områda eg går tur i* (2,1). Påstandane om at *det bør vere fritt fram for alle fartøy*, at *det er greitt med vasskuter på fjordane*, og at *det burde vere lov å bruke helikopter/fly i verneområdet*, oppnår alle ein gjennomsnittsscore under 2,0. Dette underbyggjer at dei besøkjande er svært skeptiske til ei oppmjuking av vernereglane som fører til meir motorisert ferdsel i verneområdet.

**Figur 9-4: Syn på tilrettelegging og reguleringar i verneområdet (N = 81), [1 = «heilt ueinig», 4 = «verken einig eller ueinig» og 7 = «heilt einig»]. Gjennomsnittsverdiar**

Kor einig eller ueinig er du i desse utsegnene når det gjeld Nærøyfjorden?



**Kjelde:** Basert på svar frå etterundersøkinga

## 10 Samanlikning av innfallsportane

I dette delkapittelet presenterer vi utvalde indikatorar for dei ulike innfallsportane. I Nærøyfjorden LVO var det mogleg å svare på sjølvregistreringsundersøkinga ved åtte ulike lokalitetar. Talet på respondentar ved dei ulike svarkassene varierte nokså mykje, frå 100 svar i Undredal til 15 svar ved Fresvik. Resultata for dei innfallsportane som hadde svært få respondentar, må derfor tolkast forsiktig. Formålet med dette kapittelet er å finne ut om det finst likskapar og forskellar ved brukarane og ved bruken mellom dei ulike innfallsportane. Dette kan vere relevant for vidare tilrettelegging i landskapsvernombrådet.

**Tabell 10-1: Indikatortabell for Nærøyfjorden, etter innfallsport**

	Dagstur	Førstegongsbesøkjande	Barn i følgjetrinn	Varigheit dagstur (gj.snitt timer)	Varigheit fleirdagarstur (gj.snitt dagar)	Organisert tur
Flåm (N = 76)	53 %	91 %	16 %	5,6	3,0	59 %
Undredal (N = 100)	39 %	71 %	20 %	3,2	3,4	14 %
Gudvangen (N = 96)	59 %	86 %	5 %	5,4	3,5	56 %
Bakka (N = 80)	70 %	85 %	18 %	4,9	3,2	57 %
Styvi (N = 50)	38 %	72 %	24 %	4,5	2,7	4 %
Dyrdal (N = 54)	9 %	85 %	19 %	4,0	2,7	79 %
Fresvik (N = 15)	0 %	80 %	0 %	–	6,2	100 %
Stigen (N = 74)	0 %	51 %	8 %	4,2	2,8	42 %

	Lågpuristar	Mellom-puristar	Høgpuristar	Prosentdel kvinner	Utlendingar	Lokalt busette
Flåm (N = 76)	63 %	30 %	7 %	55 %	95 %	0 %
Undredal (N = 100)	57 %	33 %	11 %	52 %	74 %	4 %
Gudvangen (N = 96)	57 %	34 %	9 %	48 %	94 %	3 %
Bakka (N = 80)	73 %	20 %	6 %	51 %	94 %	1 %
Styvi (N = 50)	59 %	24 %	17 %	56 %	31 %	2 %
Dyrdal (N = 54)	55 %	31 %	14 %	56 %	83 %	0 %
Fresvik (N = 15)	43 %	29 %	29 %	33 %	93 %	7 %
Stigen (N = 74)	77 %	20 %	3 %	61 %	12 %	7 %

Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

### Bustad/nasjonalitet

Av Figur 10-1 går det fram at prosentdelen lokale, andre nordmenn og utlendingar ved dei ulike lokalitetane varierte nokså mykje. Innfallsporten der den største prosentdelen av dei besøkjande var utlendingar, var Flåm (95 %), som er tett følgt av Gudvangen (94 %), Bakka (94 %) og Fresvik (93 %). Prosentdelen lokale (definert som å ha bustadadresse i kommunane Aurland, Vik eller Voss) er nokså låg ved alle innfallsportar, men er høgst ved Stigen (7 %) og Fresvik (7 %). Men ved Stigen og Styvi er det ein ganske stor del av dei besøkjande som bur i andre delar av Sogn og Fjordane og Hordaland enn akkurat dei fire kommunane der Nærøyfjorden ligg. Det var ingen besøkjande frå fylka ved Flåm, og svært få ved Gudvangen. Dette kan anten komme av at få av dei som bur i nærlieken, nyttar desse innfallsportane, eller det kan komme av metoden for innsamling av svar i


undersøkinga, ved at besøkjande på organiserte turar var prioriterte. Ved Stigen og Styvi var det mindre innslag av organiserte turar, slik at fleire frå fylka kan ha blitt spurde om å svare.

Dei besøkjande frå Hordaland og Sogn og Fjordane har stort sett vore på uorganisert kajakk-/kanotur og har registrert svaret sitt ved innfallsportane som ein må padle eller bruke båt for å komme til. Dette tyder på at desse besøkjande til ein viss grad ønskjer å orientere seg på eiga hand, med litt avstand frå dei store turistgruppene. Det var berre 5 prosent totalt av dei besøkjande frå fylka som var med på organiserte turar i regi av aktivitetsfirma som held til ved Nærøyfjorden, dei andre var anten på uorganisert tur eller på tur med turlag.

Ved Styvi var seks av sju av dei som bur i Hordaland eller Sogn og Fjordane, og som var på kajakk-/kanotur, på ein uorganisert tur. Ved Stigen var ein stor del av dei besøkjande frå fylka med på organisert tur med lokale turlag, og ikkje med aktivitetsfirma som organiserer kajakkturar på Nærøyfjorden. Dette gjaldt 60 prosent av dei som var på kajakktur ved Stigen, og som har bustad i Sogn og Fjordane eller Hordaland.

Det er størst prosentdel norske besøkjande elles ved Styvi og Stigen, noko som òg inneber at det var minst prosentdel utanlandske besøkjande der. Også ved Undredal var det ein stor prosentdel besøkjande frå andre delar av Noreg. Hovuddelen av besøkjande frå Noreg blei registrerte ved desse stadene, men dette kan igjen ha noko med innsamlingsmetoden å gjøre.


**Figur 10-1: Fordeling mellom besøkjande som er utlendingar, lokale\* og nordmenn elles, etter innfallsport**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga \*«Lokale» er definert som personar med postnummer i kommunane Aurland, Vik eller Voss.

På Figur 10-2 er dei utanlandske respondentane fordelt på svarlokalitetane der dei fylte ut sjølvregistreringsskjema. Det var flest utanlandske respondentar som fylte ut svarsksjema ved Gudvangen (23 %), Bakka (19 %), Undredal (18 %) og Flåm (18 %). Dette kan gi ein peikepinn på kva for delar av verneområdet der det er størst behov for å gi informasjon på andre språk enn norsk.

**Figur 10-2: Utlanders fordelt på innfallsportar (N = 391)**




Kjelde: Basert på svar fra sjølvregistreringsundersøkinga

#### Tidlegare besök i Nærøyfjorden

Prosentdelen av respondentar som hadde besøkt Nærøyfjorden tidlegare, var 22 prosent for heile verneområdet. Men prosentdelen av besøkjande varierer med erfaring frå Nærøyfjorden ved dei ulike svarlokalitetane (Figur 10-4). Den høgaste prosentdelen førstegongsbesøkjande var ved Flåm (91 %), Gudvangen (86 %), Bakka (85 %) og Dyrdal (85 %). Stigen skil seg ut som det området der det er høgst prosentdel av dei besøkjande som hadde erfaring frå Nærøyfjorden tidlegare. Her var det 49 prosent av respondentane som hadde besøkt Nærøyfjorden tidlegare. Stigen var, som vist på Figur 10-1, også den innfallsporten som hadde flest besøkjande med bustad i Sogn og Fjordane eller Hordaland og dermed kortare reiseveg til Nærøyfjorden.


**Figur 10-3: Tidlegare besök til Nærøyfjorden landskapsvernombjøde, etter innfallsport, prosent**



Kjelde: Basert på svar fra sjølvregistreringsundersøkinga

Dersom ein ser på korleis dei besøkjande i Nærøyfjorden som ikkje hadde besøkt området, fordele seg på innfallsportar (Figur 10-4), ser vi at 20 prosent brukte Gudvangen som innfallsport. Det var òg mange som brukte Flåm (17 %), Undredal (17 %) og Bakka (16 %). Det var færre som brukte dei fire andre innfallsportane, men det heng saman med at det var færre besøkjande ved desse innfallsportane totalt sett, noko som går fram av Figur 10-3.

**Figur 10-4: Prosentdelar av besøkjande med tidlegare besøk i Nærøyfjorden, etter innfallsport (N = 410)**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

#### Erfaring med fleirdagarsturar

Det var 109 respondentar som ikkje hadde erfaring med fleirdagarstur før dei kom til Nærøyfjorden. Når vi ser på korleis besøkjande utan erfaring med fleirdagarsturar fordeler seg mellom innfallsportane, framstår det tydeleg at dei fleste av denne typen besøkjande anten har besøkt Gudvangen, Undredal eller Flåm. Dette kan vere viktig når ein skal vurdere i kva grad tilrettelegginga bør tilpassast denne gruppa ved dei ulike innfallsportane.

**Figur 10-5: Prosentdel personar utan erfaring frå fleirdagarsturar, etter innfallsport (N = 109)**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

#### Purisme

Purisme er eit samlemål som seier noko om brukarane sin preferansar for ulike tiltak som gjer friluftslivet enklare, og i kva grad brukarane set pris på å treffe andre menneske når dei ferdist i naturen. For å lese meir om metoden som er nyttta for å slå fast purismegraden til brukarane, viser vi til delkapittel 5.6. Av Figur 10-6 ser vi at den høgaste prosentdelen lågpuristar var ved Stigen (77 %) og Bakka (73 %), mens prosentdelen høgpuristar

var høgast ved Fresvik (29 %) og Styvi (17 %). Alle dei besøkjande i Fresvik var på ein organisert tur, og alle bortsett frå éin var frå utlandet. Særtrekka ved desse besøkjande, som gjer at det er ein stor prosentdel høgpuristar blant dei, har derfor truleg meir å gjøre med turopplegget dei har vore med på, enn kjenneteikn ved nettopp Fresvik, sjølv om det kan hende at Fresvik har kvalitetar som appellerer til høgpuristar generelt. Staden ligg skild frå dei andre stadene der det blei innhenta svar i Nærøyfjorden, og kan vere litt mindre belasta med store touristgrupper.

**Figur 10-6: Purisme, prosentfordeling etter innfallsport (N = 443)**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

#### Barn i turfølgjet

Prosentdelen av dei besøkjande som har med seg barn under 15 år i turfølgjet, er høgast ved Styvi (24 %), Undredal (20 %), Dyrdal (19 %) og Bakka (18 %). Ved Fresvik og Gudvangen var det høvesvis 0 og 5 prosent av respondentane som oppgav at dei hadde med seg barn under 15 år i turfølgjet.

**Figur 10-7: Prosentdel med barn (under 15 år) i turfølgjet (N = 544), prosentfordeling etter innfallsport**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

## Turlengde

Det er enkelte innfallsportar som eignar seg betre som utgangspunkt for fleirdagarsturar enn andre innfallsportar. Frå sjølvregistreringsundersøkinga er det ved Bakka (70 %) at prosentdelen svarskjema frå personar som var på fleirdagarstur var høgast, følgt av Gudvangen (59 %) og Flåm (53 %). Ved Fresvik og Stigen var det ingen respondentar som oppgav at dei var på fleirdagarstur i landskapsvernområdet då dei fylte ut svarskjemaet.

**Figur 10-8: Turlengde (N = 511), prosentfordeling etter innfallsport**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

## Kor tilfreds ein er med tilrettelegginga

Tidlegare i denne rapporten (kapittel 9) er det dokumentert at dei fleste besøkjande er godt nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i Nærøyfjorden LVO. Likevel kan det tenkja at det er enkelte område innanfor verneområdet der dei besøkjande er mindre (eller meir) nøgde med tilrettelegginga enn andre stader. Ved Stigen er det ein høg prosentdel av dei besøkjande (81 %) som er «godt nøgd» med tilrettelegginga, men det er òg ein nokså høg prosentdel som er «misnøgd» (6 %). Både i Flåm og i Undredal har alle respondentar anten svart at dei er «godt nøgd» eller «ganske nøgd» med tilrettelegginga for friluftsliv. Det er ingen som har svart at dei er «misnøgd» med tilrettelegginga ved desse to lokalitetane.

**Figur 10-9: Kor tilfreds ein er med tilrettelegginga, prosentfordeling etter innfallsport**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

#### Formål med turen

Figur 10-10 viser kva for aktivitetar dei besøkjande ved kvar innfallsport oppgir at dei har vore med på i løpet av det siste året. Det er størst prosentdel av respondentane som oppgir at dei har vore på fleirdagars fottur ved Fresvik (47 %), Stigen (43 %) og Dyrdal (34 %). Som tidlegare nemnt er det mange av respondentane som har vore på kano-/kajakktur i verneområdet. Prosentdelen av respondentane som har vore på padletur, er høgst ved Fresvik (87 %), Gudvangen (85 %) og Flåm (78 %). Ved alle desse tre lokalitetane hadde verneområdeforvaltinga organisert ein base på anten stranda eller på kaia, som skulle sikre at ein henta inn svar frå besøkjande som var på organisert kajakktur. Prosentdelen som var på tur til fots, anten dagstur eller fleirdagarstur, var størst i Dyrdal (64 %), etterføgt av Bakka (61 %) og Fresvik (54 %), men turar til fots var òg noko svært mange gjennomførte ved dei fleste andre lokalitetane. Det er få av dei besøkjande som har oppgitt at aktiviteten fiske har vore hovudformålet med turen i Flåm, Undredal og Bakka, og det er ein liten prosentdel som har fiska på kvar av stadene. Topptur er òg noko berre ein liten prosentdel av dei besøkjande har hatt som formål.

Ved mange av lokalitetane er det ein stor prosentdel som også har oppgitt andre formål med turen dei var på. Det er òg ein god del som berre har oppgitt eit anna formål, altså ikkje nokon av dei førehandsdefinerte. Det er mange som har svart at dei var på cruise, sykkeltur, biltur, og dessutan ferie, sightseeing og arbeid.

**Figur 10-10: Formål med turen (N = 542), prosent av respondentane som oppgir ulike formål, fleire svar mogleg**




Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

#### Organisert tur

Relativt mange av dei som er på tur i Nærøyfjorden, er med på organiserte turar (46 %). Det har samanheng med at kajakpadling er ein utbreidd aktivitet, der leige av kajakk og følgje med guide i mange tilfelle er nødvendig. I tillegg er det mange som kjem til Nærøyfjorden som ei organisert gruppe, anten ved at dei er på cruise eller på ein tur arrangert av eit opplevingsbyrå. Den organiserte aktiviteten står for ein større del av besøka ved nokre lokalitetar og mindre ved andre. Ved Fresvik var alle besøkjande deltakarar på organiserte turar, men det var svært få besøkjande som blei registrerte, slik at resultatet truleg ikkje er representativt for alle besøkjande på staden. Prosentdelen er òg høg i Dyrdal (79 %) og utgjer fleirtalet i Flåm (59 %), Bakka (57 %) og Gudvangen (56 %). Det er berre ved Undredal (14 %) og Styvi (4 %) at organiserte turar står for ein liten prosentdel av dei besøkjande.

**Figur 10-11: Deltaking på organisert tur, per innfallsport, prosentfordeling**



Kjelde: Basert på svar frå sjølvregistreringsundersøkinga

## 11 Drøfting og samanfatning

Miljødirektoratet har peikt på behovet for at verneområdestyre for nasjonalparkar og større landskapsvernombordet set av tid til å utarbeide ein eigen besøksstrategi. Det heiter at ein besøksstrategi «kan vere stor eller liten, alt etter kva det spesifikke området har av særegne utfordringar». Miljødirektoratet presiserer at besøksstrategiar er noko ein treng i eit framtidig forvaltningsregime for at ein skal vere i stand til å løyse konfliktar, legge til rette for både meir besøk og samtidig ivareta verneverdiene. I og rundt Nærøyfjorden finst det ei rekke reiselivsaktørar og grunneigarar som har interesse av utviklinga av området, og som dermed har meininger om forvaltninga av verneområdet. I tillegg er det klare interesseomsetningar mellom båt- og cruiseturismen på den eine sida og personar som ønskjer å utøve tradisjonelt turfriluftsliv, på den andre. Dette underbyggjer at det er eit spesielt stort behov for å utarbeide ein faktabasert besøksstrategi for Nærøyfjordområdet.

Interesseomsetningar og forvaltningsutfordringar er likevel ikkje ei ny problemstilling i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. I forvaltningsplanen for vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, frå 2008, heiter det:

*Fjordsystemet utgjer ein sentral del av områdets sær preg og har særskilde natur og opplevingskvalitetar. Ferdsle på fjorden kan vere sårbart med omsyn til støy, forureining og erosjonsrisiko. Det har vore ein monaleg auke i ferdsla med småbåtar og kajakk på fjorden dei seinare åra (både på eiga hand og som guida turar (reiseliv)). Camping i strandsona som ei følge av det kan føre til ein del ulemper både for jordbruksdrift (slåtteteigar, uroing av beitedyr), slitasje på naturmiljøet og forsøpling (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2008).*

Sidan 2008 har det vore ein ytterlegare auke i både cruiseturismen og i talet på dei som driv med kajakpadling, og det er venta at talet på cruiseturistar i Noreg kjem til å vekse i løpet av dei neste tiåra, og veksten vil hovudsakleg rette seg mot hamner på Vestlandet (TØI, 2018). Dette var bakteppet då verneområdeforvaltninga bestemte at kajakpadlarar og fotturistar skulle vere målgruppa for denne undersøkinga. Det var spesielt ønskeleg å skaffe fram eit kunnskapsgrunnlag om korleis personar som utøver tradisjonelt turfriluftsliv eller er på kajakkтур, opplever Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Av 505 personar som svarte på brukarundersøkinga i Nærøyfjorden landskapsvernombordet, var det om lag 300 personar som gjennomførte ein kajakkтур i verneområdet i løpet av sommaren 2018.

Eit kjenneteikn ved besøksgruppa i Nærøyfjorden LVO er at ein svært høg prosentdel av dei besøkjande er utanlandske turistar. I sjølvregistreringsundersøkinga var 73 prosent av respondentane utanlandske og 27 prosent norske. Vidare var det svært mange av dei besøkjande som besøkte Nærøyfjorden for første gong sommaren 2018, heile 78 prosent av respondentane var såkalla førstegongsbesøkjande i området. Dei fleste som besøker Nærøyfjorden, oppheld seg i området over fleire dagar. 88 prosent av respondentane i etterundersøkinga oppgav at dei overnatta i eller i nærleiken av landskapsvernombordet då dei besøkte området. Svara i denne undersøkinga tyder på at hotell og telt er dei to mest populære overnattingsalternativa.

